

Storfisk - tolkingsrammer for lakseoppdrett i norske media

Masteroppgåve i medievitskap

Universitetet i Bergen

Vår 2012, 15.05.2012

Kandidat 139067

Innhaldsliste

Kapittel 1 Innleiing, problemstilling, bakgrunn

1.1 Problemstilling: Kva er oppdrettsnæringa sin status i lakseeventyret?4
1.2 Teori5
1.2.1 Fangstfolket si soge.....5
1.2.2 Oppdrettarane si soge.....5
1.2.3 Forteljarane si soge.....6
1.3 Omdømespørsmålet.....6
1.4 Interessentar og interessekonfliktar.....7
1.5 Media si interesse kring havbruksnæringa.....11
1.6 Næringa sine eigne kanalar.....14
1.7 Teoretisk bakgrunn; medierammer.....16
1.8 Metode og design.....20
1.9 Utval i data.....22
Kapittel 2: Hovuddel.....23
2.1 Ivar Andenæs sitt arbeid frå 2011- bakgrunn og funn.....23
2.2 Andenæs sine funn opp mot mi problemstilling.....27
2.2.1 Lus.....27
2.2.2 Rømming.....28
2.2.3 Sal og eksport.....29
2.2.4 Habilitet.....29
2.2.5 Oppsummering.....31
2.3 Lisbeth Berg-Hansen sin habilitet.....32

2.3.1 Saka vedvarer.....	34
2.3.2 Ny tilspissing.....	35
2.3.3 Næringa kjem på bana.....	36
2.3.4 TV2 sin rammebruk.....	38
2.3.5 Kommentatorane.....	39
2.3.6 Framhaldet.....	41
2.3.7 Oppsummering.....	42
2.4 Liten mot stor i norsk oppdrettsnærings.....	44
2.4.1 Vegen vidare.....	45
2.4.2 Notida.....	47
2.5 Riksrevisjonen si undersøking av havbruksforvaltninga.....	49
2.6 Lus, rømming og lukka anlegg.....	50
3 Konklusjonar.....	53
3.1 Har oppdrettsnæringsa eit omdømeproblem?.....	53
3.2 Oppsummering; kva er forteljinga om oppdrett av laks?.....	56
Litteraturliste.....	60

Kapittel 1: Innleiing. Problemstilling, bakgrunn

1.1 Problemstilling: Kva er oppdrettsnæringa sin status i lakseeventyret?

Laksen har ein heilt spesiell posisjon i vår nasjon. Denne feite, store fisken har vore ein del av folket her nord sitt kosthald i tusenvis av år. Laksen sin livssyklus er spesiell, og innbyr til mystifisering. Han vert fødd i elva, går ut i havet, og returnerar til elva for å formeire seg. Dette vandringsmønsteret er kjelde for fascinasjon, undring og konflikt. For laksen er ein attraktiv fisk, som matfisk og som sportsfisk. Men kven eig laksen? Kven skal få hauste av han?

Konflikten mellom sjøfiske og elvefiske er gamal, men dei siste 40 åra har og ein ny part dukka opp i kampen om laksen; dei som vil halde han som husdyr. Lakseoppdrett har vorte ein kystindustriell revolusjon, fråflyttingsbygder har bygd ”gods på havet”. Frå å vere eit eksperiment med avstengte pollar, heimelaga fôr og sal til lokale hotell og restaurantar, har laksenæringa blitt ei av våre viktigaste eksportnæringar. Den årlege produksjonen av oppdrettslaks ligg på 1 million tonn, med eksportverdi på kring 30 milliardar NOK. Laksen utgjere knapt halvparten av sjømateksporten i volum, og over halvparten i verdi. Sjømat er vår tredje mest verdifulle eksportsektor, etter olje og gass.

Verdiutviklinga i norsk lakseoppdrett har gjeve periodar med ”gullrush”, der berre dei beste sildesesongane kan vise til noko liknande på norskekysten. Dominansen av privat eigarskap skil havbruk og fiskeri vesentleg frå den industrielle framgangen i petroleumssektoren. Men til liks med den rivande utviklinga, har konfliktnivået kring havbruksnæringa tidvis vore høgt. Konsesjonskamp, lokaliseringsstrid og kampen om tilgang på kapital har skapt konfliktar lokalt. Samstundes har eit økologisk aspekt skapt problem for næringa. Forskarar hevdar at lakselus og rømming frå oppdrett skadar overlevinga hos den ville laksen. Dette har kveikt ein konflikt der både sjøfiskarar og elvefiskarar har meint at deira interesser har blitt skadelidande.

Dei siste åra har det blitt hevdat at lakseoppdrettsnæringa har eit omdømeproblem. At ho har for få vener. At ho slit med å overtyde nasjonen og omverda om sin rett til å eksistere, og ikkje minst til å vokse vidare. Diskusjonen om det därlege omdømet har nådd like inn i næringa sine viktigaste samråd, og bak i næringa sine inste gongar. Og over det heile våkar forteljarane, dei som skal formidle det norske lakseeventyret, med alle sine skumle og fascinerande figurar, sine heltar og troll.

Denne oppgåva vil analysere det norske oppdrettslakseeventyret, slik det blir fortalt av norske media. Den vil sjå over orda og under overflata, på dei politiske samanhengane, på straumane som tek tankegods med seg frå fortida og inn i notida. Den vil måle temperaturar i debatten, og fastslå klimautviklinga. Den vil sortere interesser og konfliktar. Oppgåva set oppdrettslaksen i sentrum, og vil søkje denne si rolle gjennom snitt i sogeskriftene. Kva er det eigentleg som blir sagt om oppdrettslaksen? Kva rolle har blitt han til del, i det norske lakseeventyret?

1.2 Teori:

1.2.1 Fangstfolket si soge

Ei nærmast endelaus rekke av bøker har blitt skrivne om laksefiske. Dei aller fleste handlar om flugefiske. Som grunnlag for mi oppgåve har eg valt å ta med to bøker som problematiserer tilhøvet mellom dei ulike rettighets interessene; elgefiskarar, sjøfiskarar og oppdrettarar. Begge bøkene er skrivne av journalistar med ei inngåande interesse for villaksen.

Terje Eggum si bok ”Laks i sikte” (Skald Forlag, 1997) tek føre seg sjølaksefisket i Sogn, med skildring av fangstar og fangstmetodar. Eggum syner sjølaskefisket si sterke rolle som næring, og kva fantastiske inntekter dette kunne by på i sine beste år.

Svein Aam si bok Lakseeventyret (Spor Forlag, 2009) er meir retta inn mot elgefisket, og då på Sunnmøre. Boka tek føre seg fangstar og fangstmåtar, men problematiserar og villaksen si svekking i mange bestandar. Ho tek føre seg motsetnadane mellom sjøfiske og elgefiske, og fiske og oppdrett.

1.2.2 Oppdrettarane si soge

Bøkene om oppdrett er i stor grad fagbøker, ved sidan av dette har det kome nokre jubileumsbøker både frå organisasjonar og verksemder. To bøker som er meir samfunnsretta i si tilnærming, er;

- ”Statsmakt mot laksepionerer” frå 2002, om oppdrettsnæringa si utvikling i Noreg, med fokus på pionerane si skjebne etter kvart som næringa vart meir regulert. Skriven av dei to journalistane Bernt Kristiansen og Odd Strand.
- ”Opp som en bjørn – historien om Pan Fish”, ei bok om den store dereguleringa av norsk lakseoppdrett ved tusenårsskiftet, då børsnoterte selskap tok til å dominere næringa.

I tillegg vil eg nytte artikkelen ”Frå krise til krise – institusjonell utvikling og konkurranse i norsk fiskeoppdrettsnæring, 1991-2003”. Denne innehelde og eit mediekritisk perspektiv, og syner korleis media var med og skapte rammene for korleis norsk fiskeoppdrett burde utvikle seg.

1.2.3 Forteljarane si soge

Der er ikkje mykje mediefagleg arbeid som er gjort kring den dekninga lakseoppdrett har hatt i norske media. Eit arbeid vil vere viktig for meg i denne oppgåva; rapporten ”For god fisk?”, som vart laga av medieforskar Ivar Andenæs ved Institutt for Journalistikk i 2011. Rapporten vart laga på oppdrag frå Norges Sjømatråd, den gong kalla Eksportrådet for fisk, og omhandla dekninga av oppdrettslaks og oppdrettsnæring i norske media i 2010, eit år som av fleire årsaker står sentralt i historia om norsk laks i media.

1.3 Omdømespørsmålet - ein introduksjon

Spørsmålet om omdømet har stått sentralt i laksenæringa dei siste åra. Omdøme definerast gjerne som *”summen av forventningar omgjevnadane har til eit selskaps produkt, service og aktivitetar i høve til forretningsmessige, sosiale og finansielle prestasjoner”* (www.wikipedia.org). For oppdrett av laks handlar det då ikkje om eit enkelt selskap, men ei heil næring sitt kollektive omdøme. På eit meir landsens mål kunne ein seie at omdøme handlar om kor vidt ein har eit godt eller dårlig ”ord på seg”.

Bruken av omdøme som målestokk i næringslivet, handlar ofte om å avgjere kor godt tilhøvet er mellom eit selskap og interessentane; alle som måtte føle seg påverka av selskapet si drift og eksistens. Omdømeundersøkingar er breie spørjeundersøkingar som målar verksemder sine prestasjoner som ”omdømebyggjarar”. For organisasjonar handlar ikkje omdøme først og fremst om å levere eit produkt, men korleis ein skaper tillit gjennom kommunikasjon.

For oppdrettsnæringa kan det vere komplikt å måle omdøme. Populariteten til produktet vil vere eit mål. Laks konkurrerar opent med ei rekke andre matvarer, og ein må rekne med at eit sviktande omdøme for produktet, ville slå ut effektivt på etterspurnaden. Omdømet for yrket, vil vere ein annan ting. Søknaden til jobbar i næringa, vil her vere eit praktisk mål på kor attraktivt dette yrket blir rekna for å vere. Det tredje viktige punktet der oppdrettsnæringa vil merke motbør ved dårlig omdøme, er tilgangen på produksjonsareal. Ynskjer ein oppdrettsnæring på tilgjengelege areal? Er oppdrettsnæringa ein attraktiv aktør i lokalt næringsliv?

Også kapitaltilgang kan vere eit mål på næringa sitt omdøme, då målt etter finansielle prestasjonar. Har næringa god betalingsevne over tid? Det er eit spørsmål som kredittinstitusjonar vil stille seg. Leveringsevne er eit omdømespørsmål som vil kunne påverke marknaden og marknadsutviklinga. Vil lakseproduksjonen evne å vokse med kunden sine behov?

Vi ser at der er mange målepunkt for omdømet, og at omdømet ikkje berre handlar om ein måte å framstå på, men ein måte å innfri på. Kort sagt; i kva grad evnar ein å innfri interessentane sine krav? Dette arbeidet vil ikkje innehalde omdømemålingar eller spørjeundersøkingar blant interessentar, men ta føre seg den måten næringa sitt omdøme blir problematisert på i media. Kva er ankepunkta mot oppdrettsnæringa?

1.4 Interessantar og interessekonfliktar

Under Fiskeri- og havbruksnærings Landsforeining, FHL, sitt årsmøte i Tromsø i mars 2012, heldt utanriksminister Jonas Gahr Støre innlegg om fisken si rolle i den nye geopolitikken. Han innleia med å spørje seg kvifor så mange menneske emigrerte frå Noreg på slutten av det nittande og i byrjinga av det tjuande hundreåret. Kvifor ville dei ikkje vere i dette landet, som var så rikt på olje og gass, og hadde så gode vilkår for å drive med oppdrett av laks? Spørsmålet er sjølv sagt ein anakronisme. Ingen visste på denne tida om dei rikdomane som skulle kome. Noreg var eit heilt anna land, eit land mykje basert på sjølvberging.

Petroleumsnæringane og havbruksnæringa har vakse fram omtrent samstundes, frå 1970-talet og utover. Der er, både praktisk og metaforisk, hav av ulikskapar mellom dei. Men dei møtast og i nokre felles problemfelt, der ny næring kjem i konflikt med etablert næring, der gamal forvaltning må vike for ny, og der gamle verdiar og samfunnsnormer synast å stå på spel.

For å forstå ei næring sin posisjon, må vi forstå kvar ho kom frå, kva ho kom med, kven som ser ut til å tene på dette, og kven som ser ut til å tape. Kysten som konfliktområde er prega av at eigedomsrett her møter allemannsrett. Ein har og konfliktar som går på fangstrettar, og på historiske normer om lokalt verdieigarskap. Eg vil her forsøkje å teikne eit enkelt kart over konfliktområde og historiske samanhengar som gripe inn i oppdrettsnæringa si etablering og eksistens.

- Arealkonfliktar. Oppdrettsanlegg opptar og påverkar område som tidlegare har vore nytta av fiskarar. Der kan og oppstå arealkonfliktar i forhold til aktivitet på land, då mange anlegg ligg rimeleg nære utbygd landareal. Knappare tilgang på eigna oppdrettslokalitetar, både som

fylgje av strengare reglar om tettleik, og som fylgje av betre kunnskap om kva som er eigna område, er og iferd med å utløyse arealstrid mellom oppdrettarar. I byrjinga var tildelinga av konsesjonar svært strengt knytt opp mot lokale interesser, og utnyttinga av dei skulle skje i dei kommunane der eigarane av rettane høyrde heime. I førstninga skulle og kvar oppdrettar kun få eige ein konsesjon. Opninga for stadig større verksemder har gjort ein del med desse rammene, men framleis er der fylkesvise rammer for kvar ein kan plassere aktivitet. Store førekommstar av sjukdom og lus i enkelte område, med påfylgjande truslar om brakkledding over lengre tid, har utløyst eit press også på desse områda. Til dømes ynskjer aktørar i Hordaland å tilegne seg av lokalitetar i Sogn og Fjordane. Dette vekkjer lokal motstand, då ein finn det usolidarisk og ein smule ansvarsfråskrivande. Der er ein spådom i næringa generelt at framtidas rettighetskonflikta ikkje vil handle om konsesjonar, men om lokalitetar. Altså ikkje om retten til å produsere ei viss mengde, men retten til eit område til å produsere på.

- Negativ påverknad på vill fisk. Oppdrett sin påverknad på villaks er ei stadig tilbakevendande konflikt. Dette er først og fremst ei konflikt mellom forvaltning, miljøinteresser, elveeigarar og oppdrettsnæring. Villaksen vert ikkje nytta som ein stor ressurs langs kysten, som fylgje av den pressa bestanden. For elveeigarar har villaks framleis ein stor verdi, spesielt knytt opp mot turisme. Påverknad på andre villfiskbestandar som held seg rundt anlegga, kan og vere eit tema. Til dømes kan det dreie seg om at fisk med ein annan muskulatur et spillfør som den ikkje greier å fordøye. Der har og vorte hevdat at villfisk frå områda kring oppdrettsanlegg er kreftfarleg å ete, fordi han kan få i seg fôr med lækjemeddel i, og ikkje vert halden vekke frå føret ei tid før han blir slakta, slik laksen i merdane vert det.
- Smittespreiing. Regelverket for frakting og utveksling av oppdrettsfisk er svært strengt, for å unngå smittespreiing mellom populasjonar. Frakt og fangst av vill fisk, kan på si side vere med å spreie smitte, utan at regimet rundt dette er på langt nær like strengt. Teoriane om korleis ulike sjukdomar og parasittar spreiar seg, er svært ulike, og til dels motstridande. I diskusjonen og dei ulike tiltaka som vert sette i verk kring dette, oppstår svært mykje friksjon, og denne får rikeleg utløp i media.
- Overfiske, og kampen om ressursane i havet. Havet er eit enorm økosystem og ressurslager. Einsidig og overoptimistisk uttak av enkeltartar kan forstyrre næringskjeder og balansen i bestandane. Her står striden mellom forvaltningsinteresser/miljøinteresser og fangstnæring/råvareindustri. Denne sistnemnde industrien er igjen delt mellom ei rekke

næringer. Matvareforsyninga og -fordelinga for verdas befolkning står og svært sentralt på dette feltet.

- Helsepåverknad hos menneske. Ernæringsvitenskap, miljøinteresser og produsentar stridast stadig om kva fisk som eigentleg er sunn, og i nokon tilfelle om enkelte produkt er direkte farlege for menneske. Diskusjonane på dette feltet vert ofte oppfatta å ha vikarierande motivsbakgrunn, som til dømes marknadsomsyn.
- Eksporthindringar og marknadstiltak. Fisk og sjømat er den einaste matvara som Norge eksporterar i stor skala, og oppdrettsfisk er den einaste oppavla vara. Matvareproduksjon er noko som i mange land og fellesmarknader er omfatta av proteksjonisme. I Noreg er landbruket omfatta av ein sterkt toll- og subsidieregime, som vernar mot import av utanlandske varer. I EU har laks frå land utanfor unionen i periodar vorte møtt med minsteprisar og straffetoll. I dei store marknadane Russland og USA har norsk fisk fleire gonger vorte møtt med kampanjar som dreg tvil kring kvalitet og mattryleik. Dette vert av næringa i Noreg stort sett oppfatta som variantar av proteksjonisme overfor eigne produkt, det vere seg fisk eller kjøt.
- Storkapital mot lokale interesser. Strukturendringar har gjort seg gjeldande både i tradisjonelle fiskeri og i havbruk. Rettane til å drive har vakse til astronomiske verdiar, og eigarskapet har flytta seg frå den enkelte båt eller anlegg og inn i store kontorbygg. Nasjonale og multinasjonale selskap tek kontroll, og reduserar lokale arbeidstakrar til operatørar i det som tidlegare var deira eigne verksemder. Dette reduserar lokalt sjølvstyre, og møter ofte og lokalpolitisk uvilje, då ein meinar å avstå store areal og ressursar utan å få att i form av arbeidsplassar, skatteinntekter og andre ringverknader som ein gjerne forventar av næringaktivitet. Næringane på si side vil hevde at ei slik strukturendring er naudsynt for å effektivisere og imøtekome krava som marknaden stiller.

Aktørane i havbruket er i dag heilt andre både i makt og karakter enn dei ein hadde i næringa sine tidlege år, på 1970- og 80-talet. Oppdrett av laks og aure vart i byrjinga rekna som ei tilleggsnæring eller erstatningsnæring for fiskeri og andre typiske distriktsbaserte næringar. Oppdrettslova stilte strenge krav til strukturar; kvar aktør skulle berre ha lov å eige ein konsesjon, og ein skulle sjølv arbeide på anlegga. Konsesjonane skulle tildelast kommunevis, og der skulle ikkje vere særleg rom for ei flytting av produksjon mellom kommunar. Krise og konkursbylgje blant oppdrettarane mot slutten av 1980-talet, utløyste endringar i politikken. Bankar sat med store tap, og det verka ulogisk å rettilde konkursråka konsesjonar til nye

aktørar utan erfaring. Dessutan ynskte ein å styrke stillinga til andre låntakarar frå næringa. Kompetansen hos dei som hadde klart seg måtte nyttast for å trygge næringa si framtid, for ikkje å seie mange bankar si framtid. Dermed fekk eksisterande aktørar no løyve til å kjøpe overlatne konsesjonar, men geografisk heimehøyrande vart enno sett høgt. Det var ingen automatikk i at høgste budet vann fram, lokaliseringsomsyn vart ofte sett føre når Fiskeridirektoratet skulle gjere si endelige tildeling. På dette tidspunkt byrja motsetnadene mellom kapital og lokalinteresser å spinne. Stadige truslar om straffetiltak frå EU var med og sette norsk oppdrettslovgjevnad under eit massivt press. Ti år seinare hadde verdiane av konsesjonar og trongen for konsolideringar fjerna dei fleste politiske hinder for store aktørar til å ta kontroll. Dei to fleirnasjonale selskapene Pan Fish og Fjord Seafood førte an i ei gigantisk samling av makt og produksjon, nasjonalt og internasjonalt. Pan Fish var på sitt største verdas nest største sjømatselskap, målt i kapitalverdiar. Heile produksjonskjeda frå klekking av rogn og fiskemjølproduksjon til sal i supermarknader vart no integrert i ei og same verksemd. Problemet var at veksten var løpsk, og at næringa sin sykliske art innhenta investorane og selskapene deira. Sjukdom, svekka marknadstilgang og altfor optimistiske idear om verdiar tok knekken på innteninga, og etterlot nok ein gang næringa hjelpelaus i bankane sitt fang. For desse var dei potensielle tapa so store at dei såg seg nøydde til å redde stumpane utan å gå vegn om skifteretten. DnB og andre bankar vart no store aktørar i oppdrett av laks. Etter kvart som restrukturering og sakte rekonvalesens kom på plass, fatta store, private investorar no interesse for oppdrett att. Dei kom gjerne frå andre maritime næringar, som skipsbygging og shipping. Også dette typisk sykliske næringar.

Statusen i norsk oppdrettsnæring i dag er at ein har ein del svært store aktørar, ein del mellomstore aktørar og ein del små aktørar. Mange av dei små er samanslutta i ulike, meir eller mindre forpliktande nettverk, som Norway Royal Salmon ASA og Salmon Group AS. Interessene til store og mindre aktørar er til tider på kollisjonskurs, og utspela i media kan ofte reflektere desse motsetnadane. Dei store aktørane er langt meir opptekne av produksjonsvekst enn dei mindre, dei har ei heil produksjons- og salskjede som skal halde trykket oppe. Til gjengjeld er dei store meir fleksible på kvar i landet dei produserer fisk til ei kvar tid. For ein liten oppdretter i Sogn er det uråd å flytte produksjon til Finnmark. For dei store selskapene med anlegg langs heile kysten, vil dette vere ei grei sak. Der har og blitt stadig mindre fri slakte- og salskapasitet i næringa, noko som rammar konkurranseevna til dei små selskapene. Ulike former for integrasjon og samarbeid pressar seg fram. For dei store selskapene er sjølvsagt det fremste ynsket at dei små, gjenstridige skal la seg kjøpe opp/innlemme i deira system. I tider

der utvidinga av total produksjonskapasitet i landet vert lagt på vent, blir dette ønsket spesielt framtredande. Her vil ein finne rikeleg av både dobbelt- og skjult agenda i det som vert uttalt til media, og i dei standpunkt aktørane inn. Medan leiarane i dei minste selskapa framleis er aktive oppdrettarar, ”på merdkanten”, som ein gjerne seier, er leiinga i dei store selskapa økonomar og andre administrativt utdanna. Synet på kva som er viktig i kvardagen og for utviklinga av norsk lakseoppdrett skil seg mykje ut frå kven som uttalar seg.

Konklusjonen for den generelle tilstanden i næringa, er at ein har rørt seg frå småbrukarar til industrieigarar, eller frå kjeledress til blådress. Dette har i all hovudsak skjedd i løpet av dei siste tjue åra. Ei tilsvarende utvikling for ei enkeltnæring finst ikkje i Noreg.

I sitt tilhøve til fiskerinæringa, har og oppdrett fjerna seg mykje frå denne sine prinsipp om organisering og omsetnad. Medan fiskerinæringa framleis har sine salslag som kontrollerer omsetnaden og prisane, gjekk oppdrettarane sitt salslag konkurs i 1991. Då hadde ein bak seg ein lengre periode med mislukka forsøk på å drive kartellverksemde og marknadsregulering. Det syntet seg at norsk lakseproduksjon ikkje var i stand til å regulere verdsmarknaden. Det folk flest vil hugse best frå desse forsøka, var det enorme lageret av frozen laks som vart organisert, det sokalla ”lakseberget”. Etter dette vart omsetnaden av laks sleppt ut i den, frå norsk side, frie marknaden. Reglar og praksis kring den økonomiske drifta av fiskefarty og oppdrettskonsesjonar er og temmeleg ulike. Dette var noko Pan Fish fekk erfare då dei kjøpte seg opp i kystlineflåten. Også kring kvotor og konsesjonar er skilnadane store. Noko av dette har sjølv sagt sitt utspring i at medan den eine har retten til å fiske på ein vill bestand, har den andre retten til å drive avl innforbi eit bestemt geografisk område. Sjølv om begge næringar lever av å leve fisk, er dette prinsipielt ganske ulike utgangspunkt. Likevel vil vurderingar om forsvarleg beskatting/ produksjon gjelde dei begge. Oppdrett møter og problemstillinga om overfiske i spørsmålet om opptak av fisk til førproduksjon.

1.5 Media si interesse kring havbruksnæringa

Ut frå alle dei skisserte konfliktområda og konfliktnivåa over, er det lett å tenkje seg at oppdrett i rikt monn vil tilfredsstille media si interesse for intrige. Samstundes ser vi at lakseoppdrett og vil passe naturleg inn under svært mange felt av journalistikken:

- Økonomistoff; prisar, eksportverdiar, verdiskaping, resultat, oppkjøp, konkursar, etableringar og struktureringar.

- Lokalpolitisk stoff; kystsoneplanlegging, tildeling av lokalitetar, etablering og avvikling av arbeidsplassar.
- Rikspolitisk stoff; demokrati og forvaltning, nasjonaløkonomiske interesser, forsyningsgrad av matvarer, sysselsetjing.
- Kriminalstoff; rømmingar vert dekka som politisaker og potensiell økologisk kriminalitet.
- Økologisk stoff; endringar i ville bestandar kopla til påverknad frå oppdrett, klimapåverknad som fylgje av matproduksjon.
- Helsestoff; laksen som sunn mat, eller helserisiko forbunden med framandstoff i laksen.
- Friluftsstoff; oppdrett som påverknad på kvaliteten til friluftsliv og tilgangen på friareal.
- Teknologistoff; oppdrett som teknologisk industri, og potensialet for teknologisk utvikling.
- Matstoff: oppskrifter, vurderingar av laks som måltid.

Fleire koplingar vil vere moglege, poenget er å syne kor mange felt dekninga av laks og oppdrett kan sortere under. I si innhaldsanalyse av dekninga av oppdrettslaks i 2010, sorterar Ivar Andenæs i sju tema og ein samlekategori, "anna".

Hovudtema	Prosent av talet på artiklar	Prosent av samla areal
Sysselsetjing	1	2
Sal/eksport	16	23
Lus/sjukdom/behandling	29	28
Rømming/miljøskadar	26	23
Habilitet	8	9
Konsum/oppskrift	13	9
Anna	7	6
Sum	100	100

Tabell 1: Kvantitativ dekningsanalyse inndelt etter tema (Andenæs, 2011, side 11)

Punktet om habilitet skil seg litt frå det som så langt har vorte nemnt, og peikar direkte på ei sak der den gong nyleg tiltredde Fiskeri- og kystminister, Lisbeth Berg-Hansen, vart skulda for å vere inhabil i høve til havbruksoppskriftsmål, all den tid ho er deleigar i ei verksemد som driv lakseoppdrett. Utgangen på saka vart at Berg-Hansen vart funnen inhabil i saker som

kunne påverke familieselskapet direkte, men ikkje i generelle politiske spørsmål.

Næringsminister Trond Giske er settestatsråd i saker der Berg-Hansen er inhabil. Spørsmålet vart ein viktig del av diskusjonen om maktforhold i havbruksnæringa, og har seinare vorte aktualisert i ein del enkeltsaker.

Dei tre store ”slagerane” i tema som Andenæs oppsummerar, er lakselus, lakseomsetnad og lakserømming. Eg vil seinare nytte desse funna som grunnlag for mi analyse av rammer i dekninga.

Saka om ministeren sin habilitet, var på sett og vis utløysande for diskusjonen om omdømet til norsk havbruksnæring i nasjonalt perspektiv. Dette førte til det Andenæs kallar ei ”statsrådjakt”, noko som spesielt vekkjer Osloavisene VG og Dagbladet. I dei fleste saker der ein statsråd må gå av som fylgje av negativ publisitet, har den første ansatsen vore i laussalspressa (Andenes 2010, side 19). Også i skrivande stund ser vi at denne innfallsvinkelen har gjennomslag i desse redaksjonane; Dagbladet introduserte habilitetssaka både kring likestillingsminister Audun Lysbakken og utanriksminister Jonas Gahr Støre. Statsråd Berg-Hansen sin habilitet vart også direkte kopla til lakserømming, ved at der låg inne ei sak til vurdering hos departementet om ei rømming frå hennar deleigde verksemrd. Slik sett fekk ein eit fokus på rømming som kriminalitet, utan nokon direkte interesse for laks og oppdrett som bakteppe.

Sjølv om habilitetsspørsmåla kring statsråd Berg-Hansen ikkje enda med hennar avgang, har interessa for denne problematikken hengt ved, og etter kvart gått over til eit spørsmål om kor vidt norske styresmakter har evna å regulere oppdrettsnæringa ut frå miljømessig forsvarlege rammer. I 2010 vart den politisk varsle veksten i lakseproduksjonen stansa som fylgje av lusetala på oppdrettsfisken denne våren. Førekomstane av lus vert rapporterte til Mattilsynet, som har fått tildelt ansvaret for å fylgje opp dette. Det vart og sett i gang ein gjennomgang hos Riksrevisjonen av havbruksforvaltninga. Denne vart levert i mars 2012, noko eg vil kome attende til. Ein kan gjerne seie at statsråden fekk sitje, men må leve med ein stadig ulmande mistanke knytt til seg.

Det store spekteret av saksfelt som grensar til havbruksnæringa, gjere at det stort sett er fleire journalistar i den enkelte medieverksemda som dekkar saker der næringa er involvert. Likevel er der ofte enkeltjournalistar som dekkar ei overvekt av havbrukssakene. Kjeldetilfanget til saker om havbruksnæringa er differensiert. I Andenæs si kvantitative kjeldeanalyse, syner det seg at oppdrettarane sjølve er den største kjelda, med 16 prosent av alle siterte kjelder.

Samstundes er dei hovudkjelde i berre 9 prosent av sakene (Andenæs 2011; 22). Dette syner at i saker der oppdrettarar blir nytta som kjelde, handlar det i nesten halvparten av sakene om at dei svarar til vinklingar som andre presenterar. Rammene er då langt på veg sette allereie. Sakene der oppdrettarar er hovudkjelde, er oftast oppslag om sysselsetjing, sal og eksport. Norges Sjømatråd er oftast hovudkjelde i saker der det handlar om oppskrifter og servering av laks. Når det kjem til lakslus og sjukdom er ulike oppdrettskritikarar dei hyppigaste kjeldene (Andenæs 2011; 23). Generelt treng ikkje desse trendane ha noko med føretrakt kjeldebruk i redaksjonane å gjere. Informasjonssubsidier og informasjonshindringar kan medverke til kva type oppslag dei ulike kjeldane medverkar til, og i kva grad (Allern 1997; 70). Ein næringsaktør vil gjerne gå ut med ei pressemelding om ei sak som går på positiv utvikling, medan han kan vegre seg for å uttale seg i ei sak om negative forhold. Først når kjeldebruken blir systematisk einsidig, kan ein snakke om at der føregår kampanjejournalistikk. Dette vil eg gå nærmare inn på i ei nærmare omtale av Andenæs sine funn.

I sitt arbeid om strukturar og konjunkturar i havbruksnæringa, syner Lars J. Halvorsen at strukturelle interesser medverkar til havbruksaktørane si rolle som kjelder i media (Halvorsen 2003). Noko av den viktigaste informasjonen innanfor næringa, er prisinformasjon. Mange aktørar vil vere velvillige til å dele pris- og produksjonsinformasjon som kan påverke deira interesser positivt.

1.6 Næringa sine eigne kanalar

Den uavhengige pressa kring dei maritime næringane har vore dominert av avisene Fiskaren og Fiskeribladet. Fiskaren vart etablert i 1923, som ei av Norges Handels- og sjøfartstidende sine bransjeavisar innforbi sjøfart. Etter det var den innom fleire ulike eigarsamansetjingar, mellom anna med fiskarlag og salslag som aktørar, men frå 1998 vart den igjen teken inn under NHST sine vengjer med eit stort majoritetseigarskap. Fiskeribladet vart etablert i 1946. Ho vart tufta på kampen om den organiserte råfiskomsetnaden, og Norges Råfisklag har dominert eigarskapet, med Norges Fiskarlag som minoritetseigar.

I 2008 vart dei to avisene slått saman, og fekk namnet Fiskeribladet Fiskaren. Hovudkontoret til avisas ligg på Fiskaren sin tradisjonelle lokalitet i Bergen, noko som vart avgjort etter ein viss diskusjon, sidan Fiskeribladet tradisjonelt var ei meir nordnorsk avis, med hovudkontor i Harstad. Denne landsdelen held tradisjonelt hardt på all lokalisering, all den tid fråflytting og utflagging har vore med og lagt ned heile bygder gjennom dei siste femti åra. Likevel kom ein fram til ei samanslåing, då strukturane for moderne avisdrift krev større einingar, og det såg ut

til å vere store synergiar mellom dei to avisene. Frå før samanslåinga var Fiskeribladet ei svært tradisjonell avis, med mykje av lokalavisa sitt preg. Omsetnaden av rå kvitfisk sto sentralt i dekningstilfanget. Fiskaren hadde på dette tidpunktet vorte sterkt influert av systerorganet Dagens Næringsliv, journalistar jobba for begge avisene, og i layout hadde ein teke til seg mykje av DN sin modell, med ein stor del grafar og prislistar for aktuelle råvarer, valutakursar og andre nøkkeltal. På denne måten kan vi seie at avisas hadde retta seg inn mot bransjen si endring frå kjeledress til blådress.

Avisa Fiskeribladet Fiskaren er eigd av Intrafish Media AS, som i sin tur er eigd av Norsk Handels- og Sjøfartstidende (56,88%), A-Pressen (37,92%, samt aksjar i eige selskap (5,2%) (tal og årstal frå Wikipedia.org, 2012). Avisa kjem ut tre dagar i veka. Økonomisk har ikkje samanslåinga slege spesielt gunstig ut til dags dato. Det har vorte gjort eit lite hyggeleg poeng ut av det faktum at ein tok to overskotspublikasjonar, slo dei saman, og no sit med ein underskotspublikasjon. Dette har i noka grad samanheng med statleg forvaltning sin politikk for annonsering. Tradisjonelt har desse avisene hatt viktige inntekter frå kunngjeringar om fiskerisesongane si opning og stenging etc., medan ein no må søkje meir av utkommet i den private, fullkommersielle marknaden. Som andre papirpublikasjonar møter ein der stor konkurranse frå nettenester og elektronisk distribusjon.

Fiskeri og foredling av villfanga fisk var lenge suverent mykje større enn havbruk for alle formål, men utover 80-talet vaks oppdrett av laks til å bli ei stor eksportnærings. Prinsippa for drifta vart raskt langt meir industrielle og effektive enn tidlegare, og i kjølvatnet av den massive veksten, oppstod konfliktar i høve til konvensjonelt fiskeri og generelle miljøomsyn. Samstundes vart mange bedrifter som hadde levd av fiskeri, meir baserte på oppdrett av fisk og verksemد knytt til dette. For fiskeripressa vart det naturleg å fokusere meir på havbruk, etter som voluma og inntektene vart signifikante for bransjen. Samstundes har der og utvikla seg ein meir økonomisk terminologi i dekninga av denne sektoren, noko som truleg har ein viss samanheng med informasjonsflyten frå dei børsnoterte selskapa, men som enkelte og vil hevde skriv seg ein del frå ”fiskaren” Kjell Inge Røkke sitt inntog i norske media si a-liste.

Medan det konsoliderte bladet Fiskeribladet Fiskaren har opplevd motgang, har Intrafish media sine nettenester synt seg som ein av få aktørar i Noreg som evnar å tene pengar digitalt. Intrafish.no er ei påloggingsteneste med førehandsbetaalt, periodisk abonnement. Havbruksnæringa står for tyngda av stofftilfanget, og gjennom oppdateringar gjennom heile dagen, har nettstaden makta å bli ein digital møteplass for næringa. Notisar, artiklar og

kommentarar/kronikkar utgjere forma til tenesta. Også kritikarar av oppdrettsnæringa er viktige bidragsytarar til Intrafish.no, og dette gjere at det blir meir eit forum for diskusjon og meiningsbryting enn berre eit ”menighetsblad”. Den korte vegen mellom aktørar og journalistar, samt den intense meiningsutvekslinga mellom ulike interesser, har nærast gjort nettstaden til eit interaktivt medium. Samstundes er den og populær blant analytikarar, politikarar og andre observatørar som har nytte og interesse av å fylge tidslina og dagsordenen i næringa.

Nettstaden kyst.no er Intrafish sin nærmeste utfordrar på nett. Sidene er eit underbruk av bransjebladet Norsk Fiskeoppdrett, og har fri tilgang for alle til dei dagsaktuelle sakene (arkivdatabase for abonentar av bladet). Oppdateringstakten er lågare på kyst.no enn på intrafish.no, men sidene er ein habil leverandør av eigne saker og sjølvstendige vinklinger.

Bladet Norsk Fiskeoppdrett er eit månadsmagasin, og heilt uavhengig av næringa sine organisasjonar. Bladet inneheld ei blanding av kommentarar, artiklar, reportasjar og forskingsstoff. Også her opptrer kritikarar av næringa så vel som næringa sjølve.

Bladet Norsk Fiskerinæring er først og fremst eit magasin for nettopp fiskerinæringa, men det dekkar og ein god del havbruksstoff og saker om marknad og foredling. Fokuset på råvareprisar og marknad er her meir eintydig enn i Norsk Fiskeoppdrett. Det same gjeld fokuset på fiskefarty.

Ei rekke nettsider og grupper på sosiale media omhandlar fiskeoppdrett. I stor grad drive desse formidling av andre media i form av lenkjer, i tillegg til at dei organiserer diskusjonar.

Det vi ser er altså at der er ei variert og truverdig presse som er spesialisert på sjømatnæringane. Det store talet på aktørar og interessentar, samt nærlieken mellom næringane og kvardagen i mange kystsamfunn, gjev grunnlaget for denne nisjen.

1.7 Teoretisk bakgrunn; medierammer

”Tolkningsrammer gjør isolerte hendinger begripelige. Rammer er organisasjonsprinsipper som styrer sosiale hendinger og vår deltagelse i dem. Vi sammenligner opplevelser og begivenheter og bruker tolkningsrammer for å gi mening til det vi opplever og deltar i.”

Erving Goffman: Frame analysis, 1974
(Allern 2008; 11)

Sosiologen Erving Goffman reknast som opphavsmann til teorien kring ”rammer”, eller ”tolkingsrammer”. I boka *Frame Analysis* lanserer han ideen om korleis vi orienterar oss og skaper mening i tilveret gjennom rammer. Goffman nytta ikkje rammeteorien som medieanalyseverktøy, men seinare medieteori plukka opp rammeperspektivet. I boka ”The Whole World is Watching” frå 1980, definerer Tod Gitlin medierammer slik; ”gjentatte mønstre av erkjennelse, tolkning og presentasjon, av utvalg, vektlegging og utelukking som brukes for rutinemessig å organisere verbal, skriftlig eller visuell kommunikasjon”.

Rammene er altså ein klangbotn som vi både presenterar og tolkar informasjon ut frå. Medierammer er altså ikkje ein *forteljarteknikk*, men ein del av ein *kommunikasjonsprosess*. Claes H. de Vreese skil mellom ”frame-building” og ”frame-setting”. Vi kan omsetje dette med ”rammebygging” og ”rammetolkning”. Rammebygginga skjer i samspele mellom redaksjonar og andre premissleverandørar i samfunnsdebatten; organisasjonar, politikarar, aktivistar, intellektuelle og andre som kjem til orde med sitt samfunnssyn (de Vreese, 2005; 52). Redaksjonen implementerer rammene i journalistikken, og her ligg dei tilgjengelege for tolkinga til publikum. Publikum vil møte rammene med sine sett av premissar, si dekoding av teksten. Ulike former for rammer vil aspirere til ulike former for dekoding



Tabell 2: Claes H. de Vreese sin modell for tolkingsrammer

Modellen til de Vreese, i Bettina Kavli si oversetjing (Kavli 2006; 3) syner ein prosess i tre ledd. Vi ser her at tolkingsrammene i teksten vert liggande mellom redaksjonen og publikum. ”Medierammer veileder mottakernes tenkning om den enkelststående nyheten. Medierammer handler derfor om budskapets mening og makt”, seier Sigurd Allern (Allern 2008; 12). Så er ikkje ei rettleiing det same som ein instruks, og ein må difor kunne gå ut frå at publikum er i stand til å gjere sine eigne vurderingar kring det som vert presentert. Det kan vere interessant å studere medierammer ut frå problemstillingar kring redaksjonar sine arbeidsmåtar og publikum sin påverknad frå medierammer. Eg vil studere medierammer som verkty i sjølve teksten, i forteljinga om lakseoppdrett.

I sitatet frå Goffman øvst i kapittelet ser vi at ”*Tolkingsrammer gjør isolerte hendinger begripelige.*” Rammene er altså ikkje berre nytta dersom ein skal styre mottakaren inn på eit spesielt spor, men vi vil også søkje etter rammer for å knyte den teksten vi får overlevert til eit nivå vi kan kjenne att som relevant. Ordet *nærleik* vert ofte nytta som eit kriterium for kva vi subjektivt oppfattar som nyhende. Nærleik i *tid, konsekvensar, geografi, kultur og kjensler* er kjeldene til det vi kan kalle relevans eller interesse for ei nyhendesak. I til dømes ei sak om lakserømming, vil vår nærleik til hendinga gjere det avgjerande om vi fattar noka interesse. Nærleiken kan vere i konsekvensar; økonomiske eller økologiske, geografi; påverknad på vårt nærmiljø, eller kjensler; medkjensle med oppdrettaren eller frykt for konsekvensane for eins eiga verksemd eller interesser.

Bruken av medierammer har spesielt vore aktuell i analyser av politisk journalistikk. Påstandar om at media har gjort politikken om til eit ”sirkus”, der spelet får merksemda framfor realpolitikken, er ei populær forståing av utviklinga i den politiske journalistikken. Dette harmonerer og med synet på at nyhendejournalistikken i pressa har blitt bygd ned i byte mot kommentarjournalistikken. Påstanden blir at ein byter ut konsekvensane av politikken i dekninga, og fokuserar på dei ulike konsepta som konkurrerar om posisjonar. Motsetnaden mellom desse typane dekning, vert gjerne analysert ut frå *saksrammer* og *spelrammer*.

Saksrammer er rammer som byggjer opp dekninga kring eit saksfelt, til dømes eldreomsorg i politikken, eller lakselus si påverknad på villfisk i stoff om laks.

Spelrammene set dekninga inn i eit dualistisk perspektiv, til dømes næringsinteresser opp mot naturverninteresser, utan å gå i djupna på samanhengar eller å problematisere motsetnadsforholdet.

Bruken av saksrammer eller spelrammer, vil vere ein vesentleg del av mi nærlæring av nyhendetekstar i denne oppgåva. Andre kategoriseringar av medierammer kan vere *temarammer, episodiske rammer* og *generiske rammer*.

Temarammene gjev bakgrunnskunnskap om eit tema, til dømes lakserømming som eit økologisk problem. Til samanlikning vil den episodiske ramma kunne nyttast for å fortelje om ei enkelt rømming. Begge type rammer kan nyttast innanfor eit og same sak, der ein til dømes fortel om ei nyleg oppdaga røming, og deretter fortel korleis utviklinga for rømming har vore dei siste åra, eller kva rømming har å seie økonomisk eller økologisk i eit generelt perspektiv.

Generiske rammer syner ikkje til konkrete hendingar, men kan til dømes fokusere på korleis ei utvikling har vore over tid, til dømes talet på lakserømming over ein tidsperiode.

Sigurd Allern snakkar og om *konfliktramme* og *menneskelig-ansikt-ramme* (Allern 2008; 13). Dette er rammer som gjev oss eit utgangspunkt for kva kjensleregister vi skal nytte for å tolke ei sak, eller kva sympatiar og antipatiar som skal bli aktiverte i oss. Måten vi responderar på desse rammene på, vil bli avgjort av nærleiken vi føler til partane i den aktuelle saka.

Mediarammene er ikkje alltid sakspolitisk eintydige, men dei er med og avgjere kva saker som er på dagsorden. Idealet om å halde seg til saka er høgt akta i ordskiftet, men samstundes kan dette vere med og dreie kva sak som vert vurdert som den viktigaste. Ein kan seie at saksrammene snevrar inn saksfeltet.

Medan Goffman sine rammer var sosiologiske rammer, som fortolking av opplevingar, er medierammer ikkje den ramnestyrte fortolkinga av ei oppleving, men fortolkinga av ei oppleving gjenfortalt i rammer. Ein kan seie at media tek rolla som eit filter mot hendingane. Dersom vi skal gjenkjenne kva som ikkje har blitt med gjennom filteret, vil det krevje at vi har ein del bakgrunnskunnskap, slik at vi veit kva som vil tilhøyre av informasjon kring ei sak. Ei heilt alminneleg empirisk oppleving av denne motsetnaden mellom presentert og neglisjert informasjon, vil vi ha dersom vi les ei sak om ei hending der vi sjølv har delteke, eller på andre måtar kjenner hendinga godt frå før. Vi vil då kunne observere manglande formidling av saksinformasjon. Dersom vi ikkje har saksspesifikk førehandskunnskap, vil vi vere prisgjeven dei rammer og avgrensingar som teksten er laga ut frå. Politikarar og andre med tilgang på mykje saksinformasjon, kjenner godt til dette dilemmaet, og avstår difor ofte å ta stilling til saker som dei berre kjenner gjennom media sin omtale.

Mitt arbeid vil som sagt ikkje sjå nærlare på kva type val som blir gjort redaksjonelt, men konsentrere seg om kva som kjem på trykk. Like fullt er det nærliggande å nemne at måten dagsorden blir sett på i redaksjonane, vil vere avgjerande for det mangfaldet av rammer som er å finne i media kring kvar enkelt sak. Mange førstehandskjelder vil kunne belyse fleire sider ved ei sak, og utvide rammeverket for korleis saka vert formidla. Tidlegare statsminister Kåre Willoch tok gjerne fatt i det han meinte var ei feil innramming, gjennom å byrje svaret sitt med ”jeg ville ikke stilt spørsmålet akkurat slik”. Seinare i mi analyse vil eg og peike på korleis det utrygge for kjeldene i journalisten sitt val av vinkel, vil kunne påverke kva kjelder som gjere seg tilgjengelege for media. Spørsmålet er altså ikkje berre kven som blir spurt i ei

sak, men kva ramme som vert valt for saka sin presentasjon. Dersom tilliten vert svekka mellom journalist og kjelde, vil informasjonsskrankar kunne oppstå.

1.8 Metode og design

Mitt arbeid vil ta sikte på å synne spekteret i rammebruken i dekninga om oppdrettslaks i media. Eg vil ha hovudfokus på trykte og nettbaserte media, kort sagt skriftlege media. Eg vil angripe temaet kvalitativt, og nærlese eit utval artiklar, og deretter peike på interessante funn og aktuelle ”innrammingar”. For å få struktur på eit saksfelt som er spreidd utover ei rekke sektorar og vinklingar, vil eg nytte konkrete hendingar eller tema for å belyse og diskutere stoffet. For kvar hending vil eg nytte den mengda artiklar og oppslag som er synest relevant for å dekke utviklinga i saka. Mi hensikt er såleis ikkje å analysere dekninga til ein enkelt medieaktør, men å kartlegge dei straumane som tek saka opp og vidare.

Eg vil stø meg på tidlegare arbeid av Ivar Andenæs, ”For god fisk” (2010), som gjev eit kvantitativt datagrunnlag for oppgåva. Ut frå Andenæs sine konklusjonar om vinkling, tema og kjeldebruk, vil eg sjå nærmare på artiklar som har omhandlar dei mest frekventerte emna i havbruksdekninga.

For rammeanalyse føreslår de Vrees 11 punkt for identifikasjon av rammer (de Vrees 2005; 54):

1 Overskrifter

2 Mellomtitlar

3 Bilete

4 Bilettekstar

5 Ingressar

6 Kjelde utval

7 Utval av sitat

8 Utheva sitat

9 Vignettar

10 Statistikk, kart og grafar

11 Konkluderande del av artikkelen

Ei slik inndeling er eigna til å ”måle” rammebruk, gjerne ved gradering og koding av stoffet, og kan uteleine ein samla score for bruken av ulike rammer. Dette er ei tilnærming til å gjere rammeforskinga meir standardisert, samanliknbar og råd å etterprøve. Som Audun Beyer påpeikar i sin artikkel ”Hvordan studere generiske nyhetsrammer? – Forslag til metodiske forbedringer”, så har rammeforskinga mellom anna vorte kritisert både i høve til relabilitet og begrepsvaliditet (Beyer 2010; 16). Eit slik kodeverk med ei gradering som justerar for nyansar i kvar enkelt sak, vil vere med å gje fagleg tyngde til innhaldsanalyser og gje grunnlag for å kunne hevde at vektlegginga i dekninga av spesielle saksfelt har lagt ei overvekt på enkelte vinklingar. At dei generiske rammene har vore eigna til å mobilisere eit bestemt syn på ei viktig sak. Dette er altså viktig verkty for å kunne diagnostisere kring dekninga av saker både i enkeltmedia eller i samla dekning. Kort sagt vil ein kunne framvise både spreiing og korrelasjon i dekninga av ei sak eller eit tema, gjennom ein slik analyseteknikk.

Eg vil ikkje nytte denne typen verkty, fordi min intensjon ikkje er å påvise korkje vektinga av rammebruk eller på nokon måte kvantitativt analysere rammene i den samla dekninga av havbruket i pressa. Ofte er rammeteori nytta for å påvise graden av spelrammer eller saksrammer, eller at generiske rammer trekke i ei særskild retning. Det eg ynskjer er å syne spekteret av rammer som vert brukte, og sjå på samanhengane mellom desse.

Min analyse vil vere ei kvalitativ analyse. Den kvalitative metoden er prega av eit mindre utval analysemateriale enn den kvantitative, den baserar seg meir på eigne ord og fortolkingar og har ei meir induktiv form enn den kvalitative analysen (Gentikow 2005; 36). Min analyse vil i hovudsak bestå av desse delane:

1. Ei kvalitativ vurdering og drøfting kring Ivar Andenæs sin rapport ”For god fisk?”
2. Ei case-studie av dekninga kring spørsmålet om Lisbeth Berg-Hansen sin habilitet som Fiskeri- og kystminister i 2009/2010.
3. Mindre analyser av andre tilhøve som eg meinar påverkar rammene for oppdrettsdekninga, type ”industriell utvikling” og ”liten mot stor aktør”.
4. Ei drøfting av næringa sitt mykje omtala omdømeproblem, med bakgrunn i mine analyser og med anvendt medieteori om nyhendedekning.
5. Ei oppsummering av funn og konklusjonar.

1.9 Utval i data

Ivar Andenæs sitt arbeid frå 2011 har for meg stått fram som ein heilt naudsynt del av oppgåva, då denne er den einaste i sitt slag, ved måten den med mediefaglege rammer tek føre seg dekninga av oppdrettslaks og oppdrettsnærings spesifikt. Artikkelen gjev nyttig kunnskap både om kvalitative, men ikkje minst kvantitative forhold i dette stoffet.

Litteraturen eg har valt å stø meg til, er valt med omsyn til korleis den tek føre seg oppdrett i høve til andre interesser; sjølaksefiske, elvefiske, kapitalinteresser og samfunnsinteresser. Kvar for seg har desse bøkene og artiklane skildra bitar av den heilskapen eg søker å syne gjennom mitt arbeid.

Utalet eg har nytta i case- studien av habilitetsspørsmålet kring Berg-Hansen, er valt ut frå kvalitative vurderingar for korleis saka utvikla seg, og kven som til ei kvar tid førte ho vidare til det neste stadiet. I stor grad har eg her fylgt spora gjennom ulike media sine referansar til kvarandre. Her har ulike medieverksemder bytt på å vere dagsordensetjande, og eg har forsøkt å dekke dei som til ei kvar tid synast å vere det. Fjernsynsinnslag, avisoppslag og oppslag på nett er nytta. Riksdekkande media, regionmedia og bransjemedia er tekne med.

I dei mindre analysane om industriell utvikling, lus og rømming og omdøme, har eg vore meir konsentrert i mitt tilfang av artiklar. Bransjenettstaden Intrafish.no er nytta ein del fordi denne klypper ein god del nyhende frå andre media, og tek inn kommentarar på aktuelle saker som gjerne ikkje slepp gjennom i større media.

Dagens Næringsliv, på papir og på nett, er nytta ein del, fordi dette er landet si største næringslivsavis, og vil vere ein stad der ein kan vente å finne oppslag med industriell og økonomisk vinkling.

Bergens Tidende er regionavis for Vestlandet, og dekkar området frå Stadt til og med Sunnhordland. Dette området er rikt på oppdrett, men representerar og ei rekke lakseelvar og område for sjøfiske av laks historisk sett. Bergen har hovudkontoret for dei to største lakseoppdrettselskapa i verda, og Bergens Tidende har og den mykje omstridde Hardangerfjorden innanfor sitt dekningsområde.

Kapittel 2: Hovuddel

2.1 Ivar Andenæs sitt arbeid frå 2011- bakgrunn og funn

Tilgangen på kvantitative analysar av laksestoff i norske media er svak. I 2011 bestilte Norges Sjømatråd, dåverande Eksportutvalet for fisk, ei kvantitativ innhaldsanalyse av dekninga av oppdrettslaks i skrivne media i løpet av 8 månader i 2010. Dette hadde bakgrunn i at mange i næringa følte at året hadde medbrakt eit ”mediedrev” mot norsk lakseoppdrett. Intrafish kalla det ”helvetesåret 2010” (Intrafish 22.02.2011). Inntrykket var at innsetjinga av Lisbeth Berg-Hansen som Fiskeri- og kystminister hadde intensivert trykket mot næringa.

Oppdraget vart gjeve til Ivar Andenæs, medieforskar ved Institutt for journalistikk, IJ. Andenæs tok med dei avisene som hadde skrive mest om oppdrett i analysen, samt nettsidene til NRK og TV2. Spørsmåla han stilte seg var:

- Kva interesser er det som sterkest har prega media si dekning av laksenæringa?
- Kva tema har vore sterkest framme, og kva vinkling på laksenæringa har vore dominante?
- .- Finn ein forskjell i korleis ulike media dekka laksenæringa, eventuelt geografiske forskjellar?
- I kor stor grad slepp laksenæringa sine tilhengarar og motstandarar til på avisene sine debattsider, og kva syn på næringa kjem fram i leiar- og kommentarspaltar?

Den mest spesifikke konklusjonen i Andenæs sitt arbeid, vart retta mot TV2 si nettutgåve. Her meinte Andenæs at det hadde føregått ”kampanjejournalistikk”, noko som er ganske harde ord frå ein medieforskar. Einsidig kjeldebruk og manglande oppfølging av påstandar i intervjuet var mellom dei funna som vart lagt til grunn.

Kjelda det her var snakk om, var Kurt Oddekalv, leiar i Norges Miljøvernforbund, og dette får Intrafish i sin presentasjon av rapporten 22.02.2011 til å nytte overskrifta ”HER har du Anti-Oddekalv-rapporten”. Rapporten sitt eigentlege namn var ”For god fisk?”, og tittelen blir kopla opp mot spørsmålet om kor vidt TV2 syntet for liten kjeldekritisk sans i si formidling. Andenæs hevdar i sin konklusjon at media i for liten grad tok i vare sin funksjon som opplysande og sanningssøkande i dekninga: ”I betraktning av at laksenæringen er en av våre største eksportnæringer, er det åpenbart at pressen har gjort for lite for å avdekke hva som er fakta og hva som er påstander i striden om norsk lakseoppdrett”, heiter det i konklusjonen

hans. Eg tolkar Andenæs dit hen at han meinar aktørane her har blitt overlatne til å kommentere sakene utan korrektiv frå journalistane sjølv. - Overdrivelser kan tydeligvis forekomme på begge sider i ”laksekriegen”, seier han. Eg vil hevde at Andenæs her meinar at media med fordel kunne helde seg til saksrammer som tok i vare fakta, anten det var om lakselus, rømming eller mattrყgleik, framfor å fokusere på spelet mellom kritikarar og næring. Christian Chrumer, kommunikasjonsdirektør i Norges Sjømatråd, bestillaren av rapporten, svarte i det same oppslaget på Intrafish at; ”s rlig interessant er det at verdiskapingen i sj omatn ringen i s  liten grad kommer fram i rikspressen”. Han ynskte seg dei ramme som dekka oppdrett som viktig for verdiskapinga i landet.

No ville nok knapt media meine   ha ivareteke sitt ansvar som kritisk og unders kande berre ved   snakke om verdiskaping (Allern 1997; 254). Men det er viktig   sj  at det Anden s sakna hos TV2 spesielt, og media generelt, ikkje var andre tema enn dei ein tok opp, men eit anna handverk i omgangen med kjelder og fakta. I boka ”N r kildene byr opp til dans” (1997), skriv Sigurd Allern dette om norske media;

”Selvstendig, unders kende og kildekritisk journalistikk er ikke regelen, men unntaket. (...) Oppgaven som ”fjerde statsmakt” undergraves også av at nyhetsmedier aksepterer og priorit rer den ”reggisserte virkeligheten” som profesjonelle kildeorganisasjoner presenterer og tilbyr” (Allern 1997; 254).

No er det liten grunn til   hevde at TV2 her var blitt manipulerte av profesjonelle kjeldeorganisasjonar, korkje Norges Milj vernforbund eller andre oppdrettskritiske kjelder som er frekventerte i norske media, har preg av   vere spesialiserte p    selje si sak. Men Anden s meinar; ”At forbundet kom med harde beskyldninger mot laksen ringen, m  sies   ha nyhetsverdi. I tillegg er Oddekalv ein medietilpasset person, med spissformuleringer som gj r seg god i avistitler og ingresser” (Anden s 2011; 38).

Anden s meinar at ”de fleste medier m  sies   ha sluppet til b de oppdrettstilhengere og oppdrettskritikere i rimelig grad, bortsett fra TV2s nettavis (fjernsynssendingar inngjekk ikkje i analysematerialet), som ble noks  ensidig taler r for Oddekalv” (Anedn s 2011; 38). Forskaren meinar at for lite er gjort for   vege p standar mot norske styresmakter sin tilgjengelege dokumentasjon, men at ”i stedet er ”balansen” mellom oppdrettstilhengere og oppdrettskritikere ivaretatt ved at p stander, karakteristikker, og invektiver refereres i rikt monn fra begge sider” (Anden s 2011; 38).

Intrafish si overskrift om ein ”anti-Oddekalv-rapport” må i så måte seiast å vere eit steg tilsides for den konklusjonen som Andenæs kjem med i sin rapport. Han tek her ikkje stilling til om Oddekalv har rett eller feil i sine påstandar, og motparten ditto, men han peikar på at påstandane får stå for uavklarte i høve til utfyllande dokumentasjon som journalistane kunne brakt fram. Det er her ikkje kjeldene som personar eller aktørar han kritiserar, men han kritiserar media, og særleg TV2, for ein ugrei kjeldekritikk.

I etterkant av at ”For god fisk?” blei publisert, oppsto ein mediedebatt der ei rekke aktørar sa si mening. TV2 meinte, ved redaksjonssjef for innanriks, Kjetil Frugård, at Andenæs hadde framstilt kanalen sitt kjeldetilfang for snevert;

”Jeg kjenner meg ikke helt igjen i beskrivelsen. Det er ikke tvil om at vi har brukt Oddekalv som kilde, men vi har også brukt en rekke andre eksperter som Havforskningsinstituttet, Direktoratet for Naturforvaltning, Fylkesmannen, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening og andre. Presenterer vi en sak med Oddekalv får alltid motpartene tilbud om tilsvarende”
(Journalisten.no, 21.02.2011).

Frugård meiner det og er naturleg at dei fleste sakene er negative; ”sånn er jo journalistikken. Hvis alt er i orden blir det sjeldent en nyhetssak” (Journalisten.no, 21.02.2011).

Kjetil Frugård peikar her på at journalistikken som TV2 har levert ikkje har vore sokalla *einkjeldejournalistikk* (Allern 1997; 230), men at dei ein reknar som motpart alltid har fått høve til å sleppe til. Andenæs på si side peikar på at han i si analyse skil mellom *hovudkjelde* og *sekundærkjelde*, og med dette skiljet vil hevde at der ligg eit hierarki ved ein ubalanse over tid (Journalisten.no, 01.04.2011).

I kjølvatnet av denne diskusjonen, måtte og ein tredje part, forskarane, finne seg i å bli kritisete for å ta ei for passiv rolle i debatten. På Intrafish 14.04.2011 skreiv Bent-Are Jensen at ”Intrafish etterlyser en mer pågående holdning fra ekspertisen – sjøl om den må sloss i motbakke og må regne med journalister med forutinntatte standpunkter”. Det Jensen her oppfordrar til er altså at impliserte informasjonshindringar frå forskarane må flyttast til sides. Intrafish har slite med å få tak i forskarar som vi stille opp i ei aktuell sak. Jensen viser og til ei kjelde, ein anonymisert forskar, som ikkje vil ”henges ut av forutinntatte journalister”.

Dersom vi skal gå ut frå at denne påstanden har noko for seg, endar vi opp med omtrent fylgjande hendingsbilete: Media får eit tips/plukkar opp ei kritisk sak om oppdrettsnæringa, ei

kjelde som er kritisk mot næringa stiller opp og lar seg intervju. Deretter ber journalisten om ein kommentar frå ulike fagmiljø, men ingen vil stille opp som kjelde. Næringa sjølvé stiller kanskje opp, men vil nødvendigvis ikkje bli oppfatta som ei uhilda kjelde i denne typen saker. Dermed vil det i denne saka oppstå eit informasjonshinder som gjere det vanskeleg for journalisten å framskaffe den dokumentasjonen som Andenæs meinar er i manko. Det Bent-Are Jensen påpeikar, er at dette informasjonshinderet går ut over både saka og den generelle dekninga av næringa, fordi fagmiljøa ikkje gjere sin kunnskap tilgjengeleg nok.

I januar 2010 tok journalist Kari Tveit opp dette spørsmålet i Norsk Fiskeoppdrett nr. 1 2010. I kommentaren ”Med musestilleprinsippet som informasjonsstrategi”, skuldar ho ikkje først og fremst forskarane, men sjølvé oppdrettsnæringa for å vere for passive i sitt informasjonsarbeid;

”Så lenge næringa var lita og ikkje hadde særleg innverknad på samfunn og politikk på nasjonalt nivå, så fungerte dette trikset etter forventningane. Men den situasjonen er det lenge sidan ein har vore i, og dei fem-seks siste åra har det i hovudsak handla om produksjonsrekordar, eksportrekordar og gode svarte tal i rekneskapa til dei fleste. Og dette, saman med nye investeringar, er også noko mange av selskapa gjerne vil snakke høgt om. Men når det vert stilt kritiske spørsmål ved næringa sin innverknad på naturen, så støttar mange seg igjen til musestilletrikset, eller dei prøver å sleppe unna ved å seie at dei jobbar i eit børsnotert selskap, og difor ikkje kan uttale seg.”

Vi ser altså at bransjepressa sine eigne journalistar her hevdar at laksenæringa og tilhøyrande fagmiljø er for lite tilgjengelege for media.

Den mest framtredande diskusjonen etter at Andenæs la fram sin rapport ”For god fisk?” handla derimot ikkje om hovudkjelder, sekundære kjelder og analysane som Andenæs hadde utarbeidd og lagt til grunn. I staden vart det hevda frå fleire kritiske hold at Andenæs var kjøpt og betalt av laksenæringa i sine konklusjonar. Institutt for Journalistikk gjekk 3. mars 2011 ut og forsvarte Andenæs sitt arbeid, og institusjonen sitt truverd generelt, i ein artikkel på Journalisten.no . Leder for instituttet, Frode Rekve, seier her at media som regel har kome godt ut av denne typen analyser som IJ har førestått, men ”av og til, hvis noen føler seg tråkka på tærne, blir det litt bråk. Det finnes jo nesten ikke noen som er mer hårsåre enn journalister”.

2.2 Andenæs sine funn opp mot mi problemstilling:

Som ein del av sin rapport, går Andenæs gjennom dekninga av emna ”Luseplagen”, ”Rømming”, ”Salg og eksport” og ”Habilitet” med eit tverrsnitt. Eg vil her saksfordelt gå inn på kva dette arbeidet syner om rammene som laksenæringer blei dekka ut frå i den aktuelle perioden.

2.2.1 Lus (Andenæs 2011: 12-14):

Året 2010 starta med at det vart meldt om høgare lusenivå enn året før. Fiskeri- og kystministeren gjekk ut og kunngjorde at næringa måtte jobbe hardt og koordinert for å få ned tala. Direktorat for naturforvaltning, ved direktør Janne Sollie, gjekk ut og meinte det var lite truverdig at næringa kunne klare å få ned tala nok, at der føregjekk underrapportering og at mindre fisk i sjøen var det einaste gangbare verkemiddelet. Mattilsynet har ikkje funne grunn til å tru at der finst underrapportering, og Svein Flåtten, Høgre sin næringspolitiske talsmann, går ut og kritiserar Sollie for ”politisk synsing”.

Det vekkjer og harme at staten har overdrege overvakkinga av lakselus frå det private Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) til det statlege Havforskningsinstituttet. Administrerande direktør i NINA, Norunn S. Myklebust meinar staten her favoriserar sine eigne, og at ein får ein situasjon der ”bukken passar havsekken”.

Veterinærinstituttet går ut og melder gjennom NTB at spyling av lus kan bli eit godt og kjemikaliefritt supplement til eksisterande behandlingsformer.

Dei to stoffa diflubenzuron og teflubenzuron er tekne i bruk att etter eit lengre fråver, og russiske styresmakter seier dei vil teste norsk fisk for desse stoffa. Kurt Oddekalv i Norges Miljøvernforbund meinar desse stoffa vil verke kreftframkallande hos folk som et fisken, og han vil ha oppdrett over i lukka anlegg for å unngå lus. Også Greenpeace er kritisk til desse stoffa, og Krf politikar Laila Dåvøy meinar dette er ”dårlige og mangelfulle tiltak fra regeringens og fiskeriministerens side”.

Aftenposten skriv på leiarplass; ”En av Norges viktigste nærlenger – lakseoppdrett – sliter med et alvorlig problem. Problemet kalles lakselus (...).” Dagens Næringsliv peikar på at fiskeriministeren har bremsa vidare vekst i næringa. Ministeren sjølv talar på FHL si generalforsamling og kallar ynskje om vidare vekst for umodent og uklokt. ”Nå må næringen vise at den klarer å håndtere lusesituasjonen”, seier ho.

Rammene vi ser i dekninga av lus er:

- Ei næring som har vakse for fort og ikkje klarar å handtere lusepresset, mindre fisk i sjøen er løysinga; ei ”større enn bæreevna – ramme”
- Ei næring som tek i bruk farlege middel for å få bukt med lusa/ ei næring som finne nye, reinare måtar å bli kvitt lusa
- Norsk laks som giftig/ norsk laks som sunn

2.2.2 Rømming (Andenæs 2011; 14-15):

Dekninga som Andenæs har analysert, har bakgrunn i at ”nesten dobbelt så mange laks rømte i 2009 som i 2008” (Fiskeridirektoratet sin statistikk, Andenæs 2011; 14). Sinkaberg Hansen AS si rømming er mykje omtala, først og fremst fordi statsråd Lisbeth Berg Hansen har aksjar i selskapet. Det vert og skrive ein del om at selskapet først anslo talet på rømd fisk til mellom 5000 og 10 000, medan ei teljing tilsa at 90 000 fisk var rømd frå anlegget. Fiskeridirektoratet meinte av verksemda ikkje kunne lastast for rømminga, men denne avgjerda vart sterkt kritisert fordi ministeren sin gode ven Otto Gregussen hadde underteikna vedtaket. Seinare kom og politiet til same konklusjon som Fiskeridirektoratet. Også ei rømming av yngel frå eit setjefiskanlegg på Flatanger, der Berg-Hansen hadde ein mindre eigardel gjennom Sinkaberg Hansen AS, vart fanga opp av media som ein mogleg belastning for statsråden. Heller ikkje i denne saka vart det teke ut tiltale mot selskapet.

Også fleire rømmingar vakte medieinteresse. Organisasjonane Norske Lakseelver og Norges Jeger- og Fiskerforbund var sterkt ute og kritiserte næringa for rømmingane. Dei ynskjer seg lukka anlegg for å hindre rømming og lus, og dei ynskjer merking av fisk for å kunne spore rømd fisk attende til eigaren. Då Lisbeth Berg-Hansen var gjest under Norske Lakseelver sitt årsmøte i april, tolka dei frammøtte ministeren som ein støttespelar for kravet om lukka anlegg.

Rammer for dekninga om rømming:

- Oppdrettarane har ikkje kontroll på fisken i merdane
- Eit korrumper maktapparat hindrar straffer for rømmingar
- Lukka anlegg er framtida for å unngå lus og rømming

2.2.3 Sal og eksport (Andenæs 2011; 16)

2010 er eit toppår for norsk oppdrettslaks, med svært høge prisar. I juli reknar ein med at verdien av norsk lakseeksport kan kome opp i 30 milliardar kroner i 2010, noko som er vidare opp frå rekordåret 2009. Berre vulkanoska frå Island er med og bremsar eksporten, men ikkje betydeleg. Ein kollaps i Chilensk oppdrettsnæring blir tilskriven mykje av orsaka til dei gode tidene i Noreg. EFF får eit stort oppslag i Aftenposten der dei fortel om at dei ”Lærer verden å spise fisk”.

Den norske kronprinsen er tilstade under ein kokkekonkurranse ved den ledande hotellfagskulen i Malaysias hovudstad, og vekkjer stor merksemad både lokalt og frå Noreg. Norske media dekkar den årlege norske sjømatmiddagen i Singapore, der nærings- og handelsminister Trond Giske delteke. Aftenposten rapporterer med overskrifta ”Norsk laks med ny smak: Eksporten av sjømat til Asia øker kraftig”. Også Dagens Næringsliv har ein reportasje, under tittelen ”Sjømatfest i Asia”.

Organisasjonen Pure Salmon uttrykkjer seg skeptisk til den norske lakseeksporten, og meinar at oppdrettslaksen i ein marknadsføringskampanje i USA har vorte framstilt som villaks.

Rammer i dekninga av sal og eksport:

- Norsk lakseproduksjon er ekstremt ekspansiv i volum og verdi
- Norsk laks blir stadig meir populært i Asia
- Noreg jobbar aktivt for å auke sjømateksporten
- Norsk laks seglar under falskt flagg som villfisk

2.2.4 Habilitet (Andenæs 2011; 17-18)

Habilitetsspørsmålet vart stilt allereie på Lisbeth Berg-Hansen sin første dag som statsråd i 2009, og spørsmålet har fylgt med inn i 2010. Påstandar om at statsråden har stogga gebrysaker som mellom anna involverte hennar eige selskap, vekkjer stor interesse. Seinare vert det klart at det er sivilombodsmannen som har gjort dette. Lovavdelinga til justisdepartementet avgjorde at statsråden berre unntaksvise ville vere inhabil.

Aftenposten skreiv på leiarplass at oppdrettsnæringa er i krise, og at det er viktig å ha ein fiskeriminister som tør og vil ta den oppryddinga som er nødvendig. ”Da er det problematisk

at vi nå har en statsråd med tunge økonomiske og personlige bånd til næringen”, heitte det. ”Blått lys for statsråden” er overskrifta i VG, for eit intervju med stortingsrepresentant frå Frp. Kommentator Eirik Mosveen, også i VG, er kritisk til statsråden sin habilitet, medan kommentator Ole Kristian Strøm i same avis meinte ho var rett kvinne på rett plass. Debattredaktør Olav Versto VG konkluderte til slutt med at ho var ”Habil så et holder”.

Dagbladet på si side skreiv i ein leiarartikkel; ”Nå spørs det om ikke fiskeriminister Lisbeth Berg-Hansen snart må begynne å tenke på hjembygda Bindal. Det tårner seg opp saker som gjelder forholdet mellom hennes private næringsvirksomhet og rollen som statsråd”.

Kommentator Martine Aurdal i Dagbladet skreiv at fiskeriministeren i realiteten var inhabil i alle saker som gjeld oppdrettsnæringa.

I Dagsavisen spurte Arne Strand; ”Hvor lenge holder Lisbeth Berg-Hansen?”, mens Nationen inntok ein mediekritisk posisjon og åtvara avisene sine kommentatorar om å spekulere i statsrådens avgang, fordi ”dei lett kunne bli så bundne av sine eigne profetiar at dei sjølve bidreg til at domen går i oppfylling”. Kjetil B. Alstadheim i Dagens Næringsliv skreiv på kommentatorplass at det ”til nå ikke har kommet frem noe som begrunner et krav om at Berg-Hansen bør gå av. Tvert imot”.

I fleire regionaviser i den oppdrettsaktive delen av landet får Lisbeth Berg-Hansen støtte på leiarplass, om enn med litt ulike grunngjevingar. Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad og Avisen Nordlys meinar at det er feil at eigarskap i oppdrett i seg sjølv skal vere habilitetssvekkande, og at dette snarare kan vere ein fordel, med hennar kunnskap om næringa. Sunnmørsposten meinar at det er prisverdig at statsråden har ”heva peikefingeren overfor oppdrettsnæringa på ein måte som ingen har gjort før”. Leiaren i Naturvernforbundet, Lars Haltbrekken, meinar at ho bør ”klore seg fast”, fordi ”etter at hun tiltrådte, har næringen plutselig fått det søkelyset som den fortjener”.

Rammer for dekninga om habilitet:

- Oppdrettsnæringa er ei næring der banda mellom utøvarar og forvaltning er for tette (inabilitet)
- Kan Lisbeth Berg-Hansen tolle denne summen av skuldingar og skepsis? Her har vi det sterke innslaget av ei spelramme i dekninga. Meir om det i eigen del om Berg-Hansen saka.
- Korrumpering versus nyttig sakskunnskap

- Interesse for habilitet som ein katalysator for eit kritisk blikk på oppdrettsnæringa

Eg vil ta dekninga av Lisbeth Berg-Hansen sin habilitet nærare føre meg i neste bok, då denne saka var grunnlaget for langvarig mediedekning av oppdrettsnæringa, og svært viktig for å danne seg eit bilde av korleis næringa vert oppfatta og framstilt.

2.2.5 Oppsummering:

Medieforskar Ivar Andenæs ved Institutt for Journalistikk fekk i 2011 i oppdrag frå Eksportutvalet for fisk, EFF, å gjere ei kvantitativ innhaltsanalyse av dekninga av lakseoppdrett i norsk presse. Spørsmåla om Fiskeri- og kystminister Lisbeth Berg-Hansen sin habilitet, hadde vore med og auka interessa for lakseoppdrett i media til det næringa sjølv oppfatta som historiske nivå i negativ forstand. NRK og TV2 sine nettsider, samt riksavisene og nokre utvalde region- og distriktsaviser er med i undersøkinga. Nærings sine eigne organ er haldne utanfor. 563 artiklar inngår.

”Lus, sjukdom og behandling” er det mest omtalte emnet i dei kategoriane som Andenæs nyttar, med 29 % av talet på artiklar. ”Rømming/miljøskadar” er nummer to, med 26 %, ”Sal/eksport” er nummer tre med 16 %.

Ei samla rammeverk for dekninga av desse emna kan ekstraherast slik:

- Norsk lakseoppdrett har vakse sensasjonelt fort fram som ei viktig eksportnæring/ norsk lakseoppdrett har hatt ein ukontrollert rask vekst, og klarar ikkje å løyse miljøproblema
- Norsk oppdrettsnæring er ei næring med for tette band mellom ulike nivå/ det er ein objektiv fordel med fagkunnskap når ein skal ha ei leiande politisk rolle i oppdrettsnæringa
- Norsk laks er sunn/ norsk laks er giftig
- Norsk oppdrett klarar ikkje å løyse miljøproblema sine/ det er mogleg å løyse problema ved hjelp av ny teknologi (spyling mot lus, lukka anlegg)
- Saka om Berg-Hansen sin habilitet har vore ei heksejakt/ saka om Berg-Hansen sin habilitet har vore ein viktig dagsordensetjar for stoff om norsk lakseoppdrett

Undersøkinga til Andenæs kom i stand etter at norsk laksenæring ei stund hadde følt seg uthengt og hersa med av media. Andenæs dokumenterte at situasjonen fagleg vurdert ikkje var so alvorleg som næringa sjølve hadde kjensla av, balansen i dekninga var rimeleg god.

Samstundes vart det næra ei spesiell mistru frå næringa til TV2 si dekning, og Andenæs bekreftar i sin konklusjon at denne var skeivfordelt i sin kjeldebruk på ein måte som kunne kallast kampanjejournalistikk. TV2 på si side kjende seg ikkje at i desse skuldinga, og meinte dei i rikeleg grad hadde gjeve andre kjelder rom til å uttale seg i alle saker. Som eit interessant moment her, har eg påpeika eit problem som redaktør i Intrafish, Bent-Are Jensen tok opp; manglande vilje frå dei store og anerkjende forskingsinstitusjonane til å stille opp som kjelde. Dette kan ha vore eit informasjonshinder som gjorde sterke utslag i høve til dei informasjonssubsidiar som kanalen sine mest brukte kjelder tilbaud. Tilgjengelegheta kan her ha vore med og avgrensa bruken av balanserande kunnskap i dekninga.

Då rapporten blei publisert, vart den av næringa sjølv til dels nytta som eit prov på det ein hadde mistenkt, medan kritikarane av næringa og rapporten hevda at den bar på førehandstinga konklusjonar, og var eit bestillingsverk i all si form, fordi den var bestilt av Eksportrådet for fisk. Institutt for Journalistikk gjekk ut og forsvarte sin integritet, og sa at dette var ei vanleg form for forskingsoppdrag, og at det stort sett berre vakte harme hos journalistar som kom ufordelaktig ut.

Lisbeth Berg-Hansen sitt virke som statsråd har vart ved, og det same har interessa for norsk lakseoppdrett. Eg vil vidare i mi oppgåve sjå nærmare på dekninga av Berg-Hansen sin habilitet, samt ein del av dei andre tema som vart brukt opp i denne striden.

2.3 Lisbeth Berg-Hansen sin habilitet

Saka om Lisbeth Berg Hansen sin habilitet, vart ei sak som løfta havbrukstemaet ut av sine mest alminnelege rammer; pris, eksportverdi, lus og rømming, og over i ei spelramme; ministeren sin sjanse til å bli sitjande i regjeringa til tross for sine bindingar til næringa. Samstundes skulle dekninga bli prega av kva holdningar og kunnskap mange journalistar sat med om laksenæringa sin situasjon, struktur og industrielle historie.

Den dagen den sitjande regjeringa Stoltenberg vart innsett i 2009, gjekk Trine Eilertsen, sjefredaktør i BT, gjennom namna på statsrådane i eit intervju med journalist Kristian Jansen. Ho framheva statsrådane sin samansette bakgrunn, og peikte på Grethe Faremo og Lisbeth Berg-Hansen sin bakgrunn frå næringslivet som ein fordel for regjeringa. For Berg-Hansen skulle denne bakrunnen snart verte snudd til ei ulempe. Ei so stor ulempe at mange kravde hennar avgang.

Statsråden sitt eigarskap i familieselskapet Sinkaberg-Hansen, som var melde for ei rømming av fisk, vart hevda å vere eit trugsmål for statsråden sin habilitet. Denne typen dilemma vert ofte skildra med ei referanse til folkeeventyret om bukken som vart sett til å passe på havresekkene, og sjølvsagt åt han tom. Tema for ei slik dekning er; i kva grad vil denne personen vere eigna til å vurdere motsetnader mellom næringsinteresser og andre interesser?

20. oktober 2009 laga TV2 ei sak på denne problemstillinga, ”Fiskeriministerens selskap politianmeldt”. Ministeren sitt styreverv og eigarskap vert her gjor greie for, samt ministeren si personlege formue på ”nesten ti millioner”. Der finst inga kopling mellom formuen og lakserømmingen i saka, så vi må her kunne fastslå at talet er teke med for å syne at Berg-Hansen har blitt rik på oppdrett.

Kurt Oddekalv, leiar i Norges Miljøvernforbund, har levert politimeldinga, og han er og hovudkjelde i artikkelen. Han seier til TV2;

” Det er klart at Lisbeth Berg-Hansen har dette med fiskeoppdrett i blodet. Slik har hun og familien hennes opparbeidet seg store deler av formuen, og hun har ganske sikkert et helt annet syn på denne næringen enn alle yrkesfiskerne hun også skal jobbe for i regjering. Jeg frykter hun blir en oppdrettsminister, noe som blir konfliktdrivende”.

Sitatet peikar på to forhold; at ministeren har tent pengar på oppdrett, og at ho med bakgrunn som oppdrettar vil vere i ein motsetnad til fiskerinæringa, som ho og er minister for. Også tidlegare på dagen hadde TV2 ei sak om den nye statsråden, der dei intervjua ulike representantar for fiskeriinteresser. Saka vart publisert under overskrifta ”Forsiktig velkommen til oppdrettsmillionær”. I artikkelen er det ikkje oppdrett, men bakgrunnen hennar frå styret i Aker Seafoods ASA som bekymrar fiskarane.

Motsetnaden til fiskeria er og noko ein annan miljøvernar er oppteken av. Til Dagbladet 14.01.2010, seier Gunnar Album i Naturvernforbundet:

”De (oppdrettsnæringa) har lykkes i å bli regnet som en del av fiskerinæringa, på linje med sjarker og skøyter og torsk på hjell. I virkeligheten er de en del av en industri som baserer seg på storkapital og laksefôr fra alle verdenshav. Dette handler om image. Det er derfor de har folk overalt. Dette nettverket klarer å stoppe enhver kritisk debatt”

2.3.1 Saka vedvarer

Uansett kva ein måtte meine om denne påstanden, hadde nettverket ikkje klart å stoppe debatten om Berg-Hansen sin habilitet. Det er over to månader mellom dei to oppslaga. Dagbladet sin artikkel handla om ”Oppdretternes maktgarn”. Med bilete av ei rekke kjende fjes, i fylgje med koplinga den enkelte hadde med statsråden, slår avisat fast; ”Her er oppdretternes maktnettverk”. For fleire av desse er koplinga at dei har sitte ilag med Berg-Hansen i styret i SOS barnebyer, og samstundes har verv eller eigarskap i oppdrettsverksemder. I ingressen heiter det; ”Fiskeriministerens oppdretterkolleger styrer maktbastionene i fiskeriene”. Toppsjefar i Fiskeridepartementet, Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet inngår i nettverket. ”Oppdrettsnæringa får massiv kritikk for lovbrudd og skader på miljøet. Ikke alle har tillit til at de tre er de rette til å rydde opp”, heiter der vidare.

Gunnar Album blir tillagt synet om at ”lakserømming, lakselus og sykdommer skyldes en nærmest hodeløs vekst, hvor andre hensyn enn høyest mulig fortjeneste har blitt forsømt. Nå kommer bakrusen. Et av selskapene hvor fiskeriminister Berg-Hansen er medeier etterforskes av Økokrim, et annet har fått milliongebyr av Fiskeridirektoratet”. Fiskeridirektør Liv Holmefjord inngår i nettverket, som (med)eigar i oppdrettsanlegg. ”Også direktoratets leder er i trøbbel: Fiskeridirektørens selskap har fått et overtredelsesgebyr på hele 5,6 millioner kroner”, slår Dagbladet fast.

Også medieyndlingen Kjell Inge Røkke er ført opp i nettverket, som eigar av Aker Seafoods ASA, eit fiskeriselskap der Berg-Hansen er tidlegare styremedlem. Her er det altså ikkje snakk om eit motsetnadsforhold mellom fiskerinæring og oppdrettsnæring, men eit netteverk der begge dei to sektorane vert hevda å inngå. Dette kan verke motstridande, men nestleiar i Norges Kystfiskarlag Arne Pedersen (i artikkelen feilaktig kalla Arne Jensen) tydeleggjere at der finst ein kontrast også mellom fiskarar;

”Dessverre har det vært veldig mye maktkonsentrasjon i Fiskeri-Norge, Kretsen av lobbyister, styreledere og fiskeriministre har vært rekruttert fra et veldig snevert miljø, tradisjonelt knyttet til Vestlandet og havfiskeflåten. Nå har oppdrettsnæringa tatt over, etter hvert som de er blitt større. Det rekrutteres blant de største og de med mest penger. Som fjordfisker ved russergrensa har du ingen sjanse til å sitte i kantina på Havforskningsinstituttet eller Fiskeridirektoratet og knytte nettverk”.

Fiskeriministeren ynskte ikkje å kommentere denne saka, og heller ingen av dei andre i det skisserte nettverket var intervjua her. Men kva meinte næringane sjølve om statsråden sin habilitet og maktfordelinga i marin sektor? På haustparten 2009 var det rimeleg stille frå denne kanten. Kritikarar til oppdrettsnæringa var på si side tidleg ute og sa at Lisbeth Berg-Hansen måtte ”få ein sjanse”. Gunnar Album frå Naturvernforbundet sa til Fiskeribladet Fiskaren 26. oktober 2009 at;

”De (fiskeriministeren og fiskeridirektøren) vil møte et sterkt forventningspress fra finansmiljøet om å føre en havbrukspolitikk og forvaltning som går i en bestemt retning, som ofte vil være i konflikt med andre interesser på kysten. (...) På en måte er dette bedre enn å få en fiskeriminister som vi i utgangspunktet tror deler noen av våre verdier, men som ender opp med skuffelse”.

I den same artikkelen seier Torstein Moland, tidlegare sentralbanksjef og leiar i Norges Jeger- og Fiskerforbund at; ”Det er en krevende situasjon, med tanke på at utviklinga i norsk lakseoppdrett gjør den til en stadig større trussel for de ville laksestammene. Vi mener helt klart at oppdrett av laks ikke er ei berekraftig næring. Men Lisbeth Berg-Hansen må få en sjanse til å vise kva hun står for før vi går ut med noen kritikk”. Vi ser altså at to opplagte kritikarar ikkje var klare til å slå handa av den nye ministeren umiddelbart. Dette kan og forklare kvifor næringa sine eigne aktørar var tilbakehaldne i media i denne fasen.

Samstundes er det og andre forhold som kan tale for at der ikkje ville kome nokon rask reaksjon. For det første var dette ikkje berre eit spørsmål om habilitet, men og ei politisk sak. For mange kunne det partipolitiske spelet medverke til at ein ikkje rykka ut med næringsbaserte synspunkt. Mange næringsaktørar er profilerte medlemmar av andre parti enn Berg-Hansen. For det andre har ikkje havbruksnæringa så mange talerøyr som er raske til å ta ordet i konfliktfylte saker. Ein ville gjerne vente og sjå om ho ”sto han av”. I november konkluderte justisdepartementet med at det berre unntaksvise ville føreligge inhabilitet i ”saker av generell karakter” (Ukeavisen Ledelse 23.11.2009). Statsråden kunne sitje i jobben.

2.3.2 Ny tilspissing

Men saka skulle tilspisse seg. 4. januar 2010, same dag som Intrafish rosa at Jens Stoltenberg i sin nyttårstale hadde teke opp havbruksnæringa og sagt ”Lenge trodde de fleste av oss at oppdrett av fisk bare ville være en liten binæring for de få, ivrige gründere. I dag eksporterer vi mer fisk fra mærer enn villfisk fra havet”, gjekk Økokrim ut og sa at dei ville etterforske saka om fiskerømminga til Sinkaberg Hansen AS. Økokrim jobbar ikkje berre med saker om

økonomisk kriminalitet, men og økologisk kriminalitet. Denne saka skulle etterforskast som eit brot på forureiningslova. TV2 rapporterte dette og syntet til at Stoltenberg hadde sagt seg nøgd med den utgreiinga som Berg-Hansen hadde gjeve han. ”Økokrim ser tydeligvis mer alvorlig på saken enn det statsministeren gjorde”, meinte fjernsynskanalen. Det blir og poengtatt at talet på rømt laks er langt større enn det selskapet først rapporterte; 5000-1000 laks har blitt til nærare 90 000 laks. Lisbeth Berg-Hansen blir forsøkt intervjuet ”som eier i Sinkaberg Hansen”, men insisterar på at ho er Fiskeri- og kystminister, og at spørsmål om selskapet må rettast til selskapet si leiing. Dagleg leiar i Sinkaberg Hansen AS vil ikkje kommentere saka.

8. januar fyl regionavisa Adresseavisen opp saka med å melde at ”Statsrådens selskap renvaskes av god venn”. Otto Gregussen, venn av Berg-Hansen, har ifylgje avisas signert eit vedtak på vegne av Fiskeridirektoratet, der ein slår fast at Sinkaberg Hansen ikkje var å laste for rømminga, fordi den var forårsaka av ein kjetting som var godkjent til dette bruket. ”Jeg har alltid jobbet i fiskerinæringen, og kjenner nesten alle aktørene. Viss det gjør meg uegnet, da har vi et stort problem”, svarar Gregussen. Og problem har han, for no tek striden om Lisbeth Berg-Hansen seg opp til nye høgder. Det er no Dagbladet lanserer sitt tidlegare omtala ”maktkart” (Dagbladet 14.01.2010).

2.3.3 Næringa kjem på bana

På dette tidspunktet kjem næringa på bana. 11. januar 2010 går Geir Isaksen, konsernsjef i det statskontrollerte oppdretts- og fiskefôrskapet Cermaq, ut med støtte til statsråden på Intrafish; ”Jeg har sympati for henne og støtter henne fullt ut. Jeg syns også det er uverdig, slik enkelte gjør, å trekke hennes integritet i tvil”. Utspelet frå Isaksen er personleg, og tyder på at han tykkjer saka har blitt ei personjakt. Ein av dei han siktar til som ”enkelte”, er Per Kristian Foss, stortingsrepresentant frå Høgre, som har sagt at det er uhaldbart at statsråden sin habilitet skal vurderast frå sak til sak (Ukeavisen Ledelse 23.11.2009) Partiet Høgre møter etter kvart kritikk frå fleire hald for å ikkje vere meir opne for overgang frå næringsliv til politikk. 3. februar går Paul Krüger, ”mangeårig næringsutøvar og organisasjonsmann”, ut mot ein karakteristikk som tidlegare fiskeriminister Svein Munkejord har kome med i Adresseavisa 28.01.2010. Her seier Muksjord;

”Et grunnprinsipp i god forvaltingsskikk er at du ikke skal ha private interesser i den sektoren du forvalter på vegne av felleskapet. I internasjonale samarbeidsfora innen fiskeri og oppdrett har Norge en sterk stilling, dels som følge av å være en tung donor,

men kanskje like mye som følge av å kunne vise til forvaltningsmessig skikkelighet og ryddighet på hjemmebane. Men i øyeblikket kan vi ikke lenger hevde dette uten samtidig å kaste Stein i glasshus”

og

”Det handler om oppdrettsnæringens anatomi. Vi snakker egentlig om en eksklusiv klubb, og det er ikke mulig å tenke seg saker på dette feltet hvor hun ikke er inhabil. Alle saker som omhandler forskrifter, lover og generelle ting innen oppdrett påvirker nemlig driften i hennes familieselskap”.

”Der er ikke noe nytt at næringsaktører har sentrale politiske verv, det er kun behov for en viss aktsomhet for å unngå interest of conflict”, seier Pål Krüger i ein kronikk på Intrafish.

Even Søfteland, dagleg leiar i rognsselskapet Salmobreed, går 18.01.2010 ut på Intrafish og støttar statsråden etter at Dagbladet har trykt sitt ”maktkart”;

”Når Dagbladet rapporterer om makthierarkiet rundt Lisbeth, må vi ta det som et sunt tegn. Det beviser at næringa har blitt stor, tung og nødvendig for landet. At næringa aldri før har hatt så bred forankring i en regjering, skal vi ta som et godt tegn. Det handler om kjennskap, seriøsitet og forutsigbarhet når det gjelder den videre utvikling”.

Søfteland meinar det er bra at omtalen får fram kor store verdiar næringa skapar. Men blant journalistane i næringa sine eigne media er det ikkje like stor begeistring for situasjonen.

15.01.2010, skriv journalist Gunnar Grytås i Fiskeribladet Fiskaren at;

”Eigarinteressa i eit av 186 norske lakseselskap, (...), har sett sokelyset på nokre rollekonflikter som heile tida set både statsråden og apparatet rundt henne under press. I tillegg til at konspirasjonsteoriar har minst like gode vekstvilkår som lakselus, er det også eit reelt forvaltningsproblem”.

Grytås meiner statsrådembetet kan bli svekka av konflikten kring Berg-Hansen sin habilitet, så vel mot politiske motsandrarar som i balansen med hennar underordna organ. ”Kanskje var draumen om ein fiskeriminister frå næringa, fremst blant likemenn, vakker før i tida. På tide å vakne opp før det skjer eit mareritt”, seier han, og seier at ”lakserepublikk” ikkje høyer noko betre ut enn ”bananrepublikk”.

2.3.4 TV2 sin rammebruk

På dette tidspunktet vil nok dei fleste seie at Lisbeth Berg-Hansen sin posisjon som statsråd ser uboteleg svekka ut. Politiske motsandrarar går ut mot henne, miljørørsbla går ut mot henne, kystfiskarane går ut mot henne, og berre spreidde utspel frå oppdrettsnæringa bakkar henne opp (på dette tidspunktet skal ein ikkje sjå vekk frå at mange i oppdrettsnæringa meinar at støtteklæringer vil fyre opp under elden om hennar altfor sterke bindingar til næringa). Ho får no til og med problem ved at ein av landets mest kjende laksefiskarar, går ut støttar henne .

Habilitetsspørsmål i regjeringa vert vurderte av Justisdepartementet si lovavdeling, og det vakte mediemerksamd då ein av dei fremste juristane i lovavdelinga, Georg Fredrik Rieber-Mohn, etter at habilitetsvurderinga var fullført, rykka ut og ga støtte til ministeren som ” en fiskeriminister som med sin bakgrunn og kjennskap til villaks og dens problemer i tillegg til interesser i oppdrettsnæringen må være en utmerket person til å rydde opp i de problemene oppdrettsnæringen skaper” (TV2, 05.01.2010). TV2 valde i denne reportasjen å problematisere at Rieber-Mohn kunne vere ein fordekt, politisk støttespelar for ministeren, og urettmessig hadde påverka ei juridisk vurdering. I TV2 sin reportasje er der to interessante grep:

- kanalen omtalar verksemda som ministeren er deleigar i som ein ”oppdrettsgigant”. Verksemda, Sinkaberg Hansen AS, oppdrettar 18 000 tonn laks og slaktar 25 000 tonn laks. Dette tilsvarar 1,8/2,5 prosent av totalmengda norsk laks som vert produsert. Til samanlikning kontrollerar den største aktøren i næringa, Marine Harvest ASA, om lag 25 % av totalproduksjonen. Dette tilsvarar grensa for kor mykje ein aktør kan eige av norsk lakseproduksjon. Omgrepet ”oppdrettsgigant” blir og brukt i fleire reportasjar som TV2 laga om Sinkaberg Hansen AS i denne perioden. Omgrevsbruken til TV2 kan her vere eigna til å overdrive maktforholdet i ministeren sitt eigarskap.
- TV2 nemner ikkje bindinga mellom Rieber-Mohn og interessa for villaks, som er manifestert gjennom litterær produksjon om emnet, og som leiar av Villaksutvalet, oppnemnt i 1997 for å gje norske miljøstyresmakter kunnskap om nedgangen i ville laksebestandar, og forslag til tiltak. Det mest konkrete som kom ut av arbeidet var opprettinga av nasjonale laksefjordar. På denne måten var Rieber-Mohn plassert langt bak linjene til dei som var mest kritiske til Berg-Hansen si evne til å regulere oppdrettsnæringa.

Som eigar av 0,25 % av det same selskapet som Berg-Hansen, og som bror til styreformannen i selskapet, vart og Landbruks- og matminister Lars Peder Brekk habilitetsvurdert høve til hans posisjon som øvste sjef for Mattilsynet. Brekk vart vurdert som inhabil i alle saker som gjekk på lakselus. TV2 intervjuer Brekk om korleis han kunne vere inhabil ”i alle spørsmål om oppdrett”, mens ”fiskeriministeren kun er inhabil i saker som gjelder hennes eget selskap”. Brekk viser her til justisdepartementet si lovavdeling. Avslutningsvis spør TV2 om ”regjeringa har bestemt seg for å beskytte Fiskeriministeren”. Dette ville ikkje Brekk svare noko på.

12.01.2010 har NRK Nordland eit intervju med statsråden, under tittelen ”Sikker på å bli sittende”. Intervjuet går gjennom saka sine ulike problemstillingar, og vi kan oppsummere dei ved å sjå på mellomtitlane.

1. - Har skapt 200 arbeidsplasser

2. Tid til å være fiskeriminister?

3. Må drive berekraftig

4. 10-12 gebrysaker på vent

5. Opp i Kontrollkomiteen

1 og 3 kan ein kalle for statsråden sitt forvar, medan 2, 4 og 5 er NRK sin konfrontasjon.

2.3.5 Kommentatorane

Det ein opplever i media i januar 2010, og som, i den grad ein går med på at media har makt, må ha bidrige til å hjelpe Berg-Hansen vidare som statsråd gjennom denne stormen, er at ho no fekk ei sterk støtte frå kommentatorar i avisene. Slik var det ikkje mot slutten av 2012, då den profilerte kommentatoren til nettstaden E24, Elin Ørjasæter, skreiv at Berg-Hansen var ”hylende inhabil”. Verkelegheitsskildringa som Ørjasæter gjev av norsk oppdrettsnæring på kommentatorplass 02.12.2009 er fylgjande:

”Det blir meir og meir lus i norske anlegg. Og lusa tåler mer og mer medisin, uten å krepare. Laksenæringen står overfor et miljøproblem som kan knekke både næringen selv og villaksen i norske elver. Dette skal næringen ordne opp i selv, forkynte en glad Lisbeth Berg-Hansen til TV2, torsdag 26. november, etter krisemøte om problemet.

Det høres ikke betryggende ut. Direktoratet for Naturforvaltning gikk ut i TV2 på en måte den elles fredsæle organisasjonen aldri før har gjort”.

og

”Primærnæringene, altså landbruk og fisk, har en underlig tradisjon i å rekruttere bransjens egne folk på ministerposten. Ettersom landbruk i Norge stort sett betyr små familieeide enheter, har ingen brydd seg med det. ”Det er klar beitetilskuddet til storfe ble økt i år, statsråden har jo kyr”, humres det i landbruket. Det vitner om en usunn tradisjon. Men når denne tradisjonen handler om storindustri, blir det enda mer alvorlig. Inntektsmulighetene er helt andre i fiskeoppdrett enn i familiebasert landbruk. Og fiskeoppdrett kan, i motsetning til kyra, ødelegge arter og miljø over store områder i overskuelig framtid”

Der er sjølvsagt ting det her ville bli sett fingeren på av primærnæringa sjølve, som påstanden om at det er dei som ”rekrutterer folk på ministerposten”, og ein ville nok og stille spørsmål med kva artar og miljø som var der kyra er i dag, før ein rydda beite til ho. Det som er det essensielle, er likevel dei rammene Elin Ørjasæter teiknar opp i sin kommentar. Vi ser dei same rammene som tidlegare vart teikna opp av kystfiskarar og miljøvernalar; oppdrettsnæringa er ei gigantnæring, som skile seg skarpt mot dei tradisjonelle kystnæringane og dei familiedrivne selskapa i primærnæringane (sjølv om ministeren sitt eige selskap er familiedrive). Landbruksnæringa får sleppe gjennom, men berre under det faktum at ho ikkje er særleg lønsam. Vi ser altså ein diametralt motsett tilnærming enn den Even Søfteland frå næringa valde, der stor og synleg er det same som viktig. Moral og miljøomsyn er omvendt proporsjonalt med inntening, meinar Ørjasæter. Det er og verd å nemne at medan ministeren bli framstilt som blid, som at ho ikkje tek saka på alvor, vert Direktorat for Naturforvaltning framstilt som fredsælt, men likevel så urolige for situasjonen at dei ser seg nøydd til å bryte med dette tradisjonsbundne karaktertrekket.

Men i midten av januar 2010 går ein del andre kommentarar i motsett lei som Elin Ørjasæter, eller som Bent-Are Jensen, redaktør på Intrafish, skriv den 14.01.2010; ”Orkan blir plutselig medvind for Lisbeth”. Han meiner ”pressekampanjen er i ferd med å avta” fordi ho får støtte på leiarplass i det han kallar ”tunge organer”. Kjetil B. Alstadheim er eijn frykta og feira kommentator hos Dagens Næringsliv. Den 13. januar 2010 skriv han i DN;

”Det kan kanskje ikkje virke sånn, men problemene med lus og rømming fra norsk oppdrett eksisterte faktisk også før Lisbeth Berg-Hansen ble fiskeriminister i høst. Det beste med rabalderet rundt Berg-Hansens eierinteresser i næringen og hennes habilitet som statsråd er at lusene har kravlet opp på den politiske dagsordenen”

Alstadheim er ikkje ute etter å avdramatisere situasjonen for laksenæringa, men han vil ta det ned på det realpolitiske planet, og dempe påstandane om Berg-Hansen si skuld i det heile. Alstadheim peikar på at Berg-Hansen har sett på vent ei auke i produksjonen som vart varsla av forgjengaren Helga Pedersen i 2009, mot råd frå sine eigne fagetatarar. ”Pedersen var muligens habil. Men mest habil var hun til å drive valgkamp”, skriv han.

Dagen etter, 14.01.2010, skriv BT om saka i sin leiar; ”Ein gild statsråd”. ”Fiskeriminister Lisbeth Berg-Hansen står fram som ein innsiktsfull og handlekraftig statsråd. Det er viktigare enn at ho kanskje må ha setjestatsråd i einskildsaker”, heiter det i ingressen. Vidare heiter det;

”Noreg har fått ein fiskeriminister som har eigarskap i- og kunnskap om – norsk oppdrettsnæring. Fleire Oslo-aviser har skrive om dette i vekevis, og på ein måte som gjer at mange lesarar trur det er eit tidsspørsmål før ministeren må ta sin hatt og gå. Så langt har ho ikkje gjort noko som tilseier det. Det er viktig at einkvan seier ifrå om dette. For vi har nok av døme på at meir eller mindre samkøyrd aviskampanjar mot ein politisk toppfigur får ei eiga tyngd, som gjer at politikaren til slutt må kasta inn handkleet. Han eller ho får til slutt ikkje arbeidsfred. Om synda i utgangspunktet var stor eller lita, spelar til slutt ei underordna rolle.”

BT viser til at fiskebåtreiar Trygve Olsen frå Havøysund var fiskeriminister i Lars Korvald si sentrumsregjering på 1970-talet, og at det då og var strid mellom ulike fraksjonar i næringa, utan at nokon hevda at Olsen var ugild. Leiaren syner og til Alstadheim sine konklusjonar om Berg-Hansen versus Helga Pedersen, og stør seg til desse.

2.3.6 Framhaldet

Lisbeth Berg-Hansen sit i skrivande stund framleis som Fiskeri- og kystminister, men kan hende fekk ho ein slitasje av den støyen som eg her har skildra. I juni 2010 gjorde meiningsmålingsverksemda Respons ei undersøking av populariteten til statsrådane. Berg-Hansen kom därlegast ut, med karakteren 2,6. Utanriksminister Jonas Gahr Støre kom best ut i den same undersøkinga med 4,8. Regjeringa oppnådde eit samla snitt på 3,4. Adresseavisen kommenterer Berg-Hansen si utteljing som ”nesten stryk”, og meinar ”en sannsynlig årsak til

bunnoteringen kan være habilitetstrøbbelet og bråket rundt fiskeriministeren eierskap (...) som startet umiddelbart etter at hun satte seg i stolen” (Intrafish 29.06.2010).

Dagen etterpå publiserte Intrafish ei eiga popularitetsundersøking blant utvalde folk i marin sektor. Torskeoppdrettar Kenneth Brandal svarar der; ”Det er litt urettferdig for Lisbeth Berg-Hansen, hun er etter mitt syn preget av debatten omkring habilitet (...) Sjølv synes eg det er positivt at hun er medeier i en oppdrettsbedrift”. Sveinung Sandvik frå lakseoppdrettselskapet Sjøtroll AS svarar; ”Fiskeri- og kystministeren har klart seg helt greitt, men hun er utsatt for en urimelig oppmerksamhet knyttet til habilitet”. Trond Davidsen frå bransjeorganisasjonen FHL seier; ”Vi var oppriktig tilfreds da vi fikk en minister som virkelig kan næringa. I alle år har regjeringer hatt statsråder med næringstilknytning i andre departementer, utan at det har blitt så mye oppstuss av det. Men media har drevet heksejakt på Lisbeth Berg-Hansen”.

Også professor Rolf Jens Brunstad ved Norges Handelshøgskole meinte at Berg-Hansen var utsett for eit særleg press. I eit intervju med bladet Kapital, uttalte han; ”Vi nordmenn er helt scizofrene. Hva fiskerinæringen gjelder, er vi veldig opptatt av inhabilitet, men når det kommer til jordbruket, har vi helt motsatte holdninger” og ”forbindelsene mellom bøndene, departementet og lanbruksorganisasjonene er altfor nære, spør du meg”. Professoren meinar altså at Berg-Hansen vart urettferdig behandla, men han seier ikkje nødvendigvis at habilitetskonflikten ikkje er reell.

2.3.7 Oppsummering

Lisbeth Berg-Hansen vart frå første dag av konfrontert med sitt eigarskap og sine tidlegare rollar i havbruk og fiskeri som eit potensielt grunnlag for habilitetsproblem. Ei rekke kjelder blei kopla inn for å underbyggje dette problemet; miljøvernalar, fiskarar, sitjande politikarar og tidlegare politikarar. Kommentatorar forsøkte å oppsummere og ekstrahere saka sine ulike substansar. Oppdrettsnæringa var relativt passive, dei kom seint på bana i saka, og nytta gjerne bransjen sine eigne kanalar for å ytre sitt syn. Saka sin progresjon fylgde og med framdrifta i rømmingssaka som hennar eige selskap var melde for. Statsråden vart sitjande gjennom stormen, men vart av mange oppfatta som svekka i si rolle.

Rammene som vi kan identifisere, spesielt i sitat frå ulike kjelder, er:

- Rike, privilegerte oppdrettarar mot meir marginal kystnæring (sjarkar og skøyter, fjordfiske på russergrensa) eller like marginalt landbruk (Ørjasæter si samanlikning). Storkapital mot svake interesser.
- Moral som omvendt proporsjonalt med inntekt og pengestraum
- Bransjekunnig politikar versus korruptert representant for særinteresser
- Oppdrettsnæringa som ei næring som veks utan omsyn til miljø og andre utsette interesser

Dei seinare leiarane og kommentarane byggjer meir på:

- Mistanke korrigert mot reelle politiske avgjerder

Ut frå det analyserte materialet er det grunn til å hevde at det ikkje var uvilkårleg kva næring Berg-Hansen hadde eigarskap i, då det kom til ein diskusjon om hennar habilitet. At oppdrettsnæringa er oppfatta som ei næring som er kapitalsterk og mektig, men samstundes eidd av få privilegerte, ”ein eksklusiv klubb”, som Munkejord sa til Adresseavisen, ser ut til å ha spelt ei utløysande rolle. Ørjasæter går i sin kommentar så langt at ho utpeikar desse karaktertrekka til næringa som avgjerande i saka; ”når denne tradisjonen handler om storindustri, blir det enda mer alvorlig. Inntektsmulighetene er helt andre i fiskeoppdrett enn i familiebasert landbruk”.

Dei miljømessige konsekvensane av oppdrett, bli og framheva som spesielt skjerpende i høve til statsråden sin habilitet; ”Og fiskeoppdrett kan, i motsetning til kyra, ødelegge arter og miljø over store områder i overskuelig framtid”, skriv Ørjasæter. Gunnar Album meinar det er mangelen på styring som har laga problema, gjennom ”hodeløs vekst”.

Saka vart og prega av ei spelramme som er typisk for saker der politisk makt er til fordeling eller omfordeling. At den reviderte fleirtalsregjeringa til Stoltenberg kunne avskalle statsrådar allereie i sine første månader var nødvendigvis eit kupp for politiske journalistar og kommentatorar. Som og enkelte kommentatorar påpeika, utvikla dette seg til ein prosess som kunne verke driven av si eiga tyngde; det reelle spørsmålet frå dei politiske kommentatorane vart etter kvart ikkje ”kor lenge kan Berg-Hansen bli sitjande med slike skuldingar?”, men snarare ”kor lenge kan Berg-Hansen tolle at vi gjentek desse skuldingane?”. Dette hevdar eg fordi der ikkje kom nye, graverande avsløringar, men at ein heldt fram med å spisse ein mistanke. Konsekvens er hevdå å vere ei viktig ramme for å gjere nyhenderammer interessante (de Vreese 2001; 110), og den konsekvensen som det definitivt var mest

interessant å spele på her, var den at Berg-Hansen kunne bli tvungen til å gå av som statsråd. Til lenger denne saka vedvarte å prege dagspressa, til meir sannsynleg verka denne konsekvensen.

Det er ikkje ein del av mi problemstilling å analysere kva effekt mediedekninga hadde på prosessen, som enda med at Berg-Hansen heldt fram som Fiskeri- og kystminister. Det er likevel verd å merke at spørsmålet om Berg-Hansen sin habilitet ikkje berre ”blæs forbi”, eller vart avløyst av andre, meir slagkraftige nyhende, men vart avrunda med ei dreiling gjennom avisene sine leiarar og kommentarar. Ein kan gjerne seie at saka her vart teken vekk frå spelramma; ”bør Berg-Hansen få sitje som statsråd eller ikkje?”, og over i saksamma; ” har Berg-Hansen vist teikn til å forfordele si eiga næring i politiske saker?”. Problemstilinga innbyr ikkje til ei kvalitativ samanlikning med ”Lysbakken-saka”, men det vi kan fastslå er at det for Berg-Hansen sitt vedkomande dreia seg om ein mistanke, og ikkje ei konkret hending. Kommentatorane i BT og DN meinte å kunne avkrefte denne mistanken.

Det vi ser at både oppdrettsnæringa og kritikarane var einige om i denne saka, var at lakseoppdrett er ei stor næring. For stor, for mektig og med ein ukontrollert vekst, vil kritikarane seie. Stor og viktig nok til å bli utsett for sokjelys, meinar næringa.

2.4 Liten mot stor i norsk oppdrettsnæring

Vi har altså sett at norsk laksenæring ofte vert framstilt som ei stor, hurtig veksande næring med enorm omsetnad og store inntekter. Næringsa vert gjerne framstilt som ein kontrast til dei tradisjonelle kystnæringane og til annan primærnæring. Men har det alltid vore slik? Og kva endringar har skjedd på vegen?

I boka ”Statsmakt mot laksepionerer” (2002), fortel dei to tidlegare BT-journalistane Bernt Kristiansen og Odd Strand om opphavet til norsk lakseoppdrettsnæring. I føreordet heiter det;

”Norsk oppdrettshistorie bygger fra myndighetenes side på en feilvurdering. Pionerene begynte å få fisk til å vokse i våger og merder omrent på den tiden da Ekofisk ble oppdaget ute i Nordsjøen. Oljen skapte drømmer og vyer. Man tenkte på Saudi Arabia og Standard Oil. Når det gjaldt fiskeoppdrett tenkte man smått. Tenkte attåtnæring til jordbrukere – eventuelt fiskere – langs kysten. Oljen fikk oppmerksomheten, egen forvaltning, statselskap og det som ellers kunne tenkes. Oppdrettet må nøye seg med mindre enn én saksbehandlerstilling i direktoratet, og av og til en innsats fra departementet. (...) Altså en feilvurdering, for i dag snakker man ikke om

fiskeoppdrett som attåtnæring, men som børs og industri. Og man vurderer at næringen som det vi skal leve av når oljen tar slutt.”

Medan ein stor del av oppslaga om næringa frå 2009 og utover har teke utgangspunkt i ei tolkingsramme av at næringa har fått vekse utan tilsyn eller nødvendig avgrensing frå styresmaktene si side, set Kristiansen og Strand (må ikkje forvekslast med dei to politiske kommentatorane Stein Kåre Kristiansen og Arne Strand) det heile inn i eit heilt diametralt motsett perspektiv, som ei næring som har vakse seg stort og sterkt på sin eigen vilje og kunnskap, med ein nærmest total mangel på hjelpe frå norske styresmakter; ”Det er næringen selv, først pionerene, og så arvtakerne i de større selskapene, som har skapt en industri i verdensklasse. De har stort sett gjort det på tross av ”tilretteleggingen”” (Kristiansen og Strand 2002; 9).

Boka er skiven i ein periode då optimismen var enorm i norsk oppdrettnæring. Tilbake på 1980-talet var konsesjonsregelverket slik at ein person berre kunne eige ein oppdrettskonsesjon (retten til å produsere ei bestemt mengde laks i løpet av året) og sjølv skulle vere tilsett i produksjonen. Ei rekke konkursar var med og snudde om på denne ordninga. Om lag 20 % av matfiskoppdrettarane gjekk konkurs eller gjennomgjekk akkordforhandlingar i perioden 1990-1992 (Halvorsen 2003; 1). Meir solide selskap fekk overta rettane til produksjon.

2.4.1 Vegen vidare

Konkursen i Fiskeoppdretternes Salgslag, FOS, var og med og la til rette for ei deregulering av næringa. Konkursen kom etter at FOS hadde mislukkast med å handtere det såkalla ”lakseberget”, eit fenomen mykje omtala i media, og som framleis står klart i minnet til mange nordmenn. Lakseberget var på det meste på 37.500 tonn. I første kvartal var 2012 var norsk lakseeksport på 229 000 tonn, veksten frå første kvartal 2011 var på 54 000 tonn (tal frå Norges Sjømatråd, seafood.no). Ordet ”lakseberget” kan med dagens auge verke ein smule overdrive, men den samla norske lakseeksporten var i 1992 på om lag 150 000 tonn (Andahl og Grønbech 2007). I 2011 var han på nesten 1 million tonn. Eit tilsvarende ”berg” av laks i dag ville altså ha vore på om lag 250 000 tonn; meir enn heile eksporten i 1. kvartal 2012.

Allereie frå tidleg av hadde sterke kapitalinteresser synt merksemeld for den nye primærnæringa, men norske styresmakter valde reguleringar som sikra mindre skala og lokalt eigarskap (Halvorsen 2003; 3). Utover 1990-talet byrja likevel ”storkapitalen” å få fotfeste i

næringa, dels gjennom makt overført til bankar og førselskap gjennom misleghald av kredittar, og dels gjennom ei politisk påverknad gjennom mellom anna utspel i media. Halvorsen syner at både økonomiske og økologiske argument vart tekne i bruk for å syne at større einingar var tenleg. Gjennom SND gjekk norske styresmakter for ein ”lokomotiv strategi”, der store heilintegrerte selskap skulle syne veg for framtidas oppdrettsnæring. (Halvorsen 2003; 7).

Meir lempelege konsesjonslover og ei auka interesse for å finansiere oppkjøp av havbruksverksemd prega havbruksnæringa på 1990-talet og inn i det nye tusenåret. Mange lokale eigarar selde sine rettar, nokre som fylgje av stadig betre prisar, andre fordi dei følte at rapportering og overvaking av næringa vaks dei over hovudet; ”Vi følte at vi levde et fredelig liv, men plutselig ble alt vi gjorde ulovlig. Vi puttet for mye fisk i merdene, og føret for mye (...) Det ble egentlig et helvete for oss oppdretttere (Halvorsen 2003; 6/ Norsk Fiskeoppdrett nr 8. 1997; 21).” Paradigmet om vertikal integrering prega heile næringa, men det blei langt fleire aktørar som var med vidare enn det ein hadde tenkt seg i eit neoliberalistisk perspektiv. Omgrep ”regional industrialisering” og desentralisert konsentrasjon” vart nytta for å skildre det som hende (Halvorsen 2003; 8). Også i næringa sine eigne media rådde oppfattingane om at dei små og mellomstore kom til å bli ”isolerte” om dei ikkje tenkte vekst snøgt nok;

”- De mellomstore har tjent for mye for lenge, lyder en kommentar. De er ikke nødt til å ta del i utviklinga, og er derfor ikkje med i mange av de prosessene som pågår, heter det. (...) Det bør fortsatt være et kvalitetsstempel for enb bedrift at den leverer gode resultater. (...) Det er samtidig et faktum at verden endrer seg så raskt at gamle strategier får kortere og kortere levetid” (Intrafish, 24.11.2000).

Mi problemstilling innbyr ikkje til å gå djupt inn i det politiske kring denne omfordelinga av verdiar som har funne stad, eller dei økonomiske verknadane det har hatt, slik Halvorsen greiar ut om i sin artikkel frå 2003. Heller ikkje dei juridiske eller moralske elementa, slik Kristiansen og Strand gjere i si bok frå 2002. Mitt ærend er å syne det rammeverket som fylgte og grunngav den ferda som tok næringa frå små, lokale einingar (på omfang av sjarkane og skøyttene) og over til store børsnoterte konsern, med både horisontal og vertikal integrering. Denne ferda er enno ikkje til endes. I 2012 gjeld framleis regelen om at ein aktør berre kan eige opp til 25 % av den samla produksjonen av norsk oppdrettslaks.

2.4.2 Notida

Då Riksrevisjonen la fram sin ”Undersøkelse av havbruksforvaltningen” 6. mars 2012, konkluderte dei mellom anna med at;

”På virkemiddelsiden viser undersøkelsen at det er mangler i planleggingen av sjøarealene. I tildelingen av tillatelser til å drive oppdrett og i reguleringene av anleggene fokuseres det i hovedsak på den enkelte lokalitet og i mindre grad på den samlede belastningen fra flere oppdrettsanlegg i et utvidet område”

(<http://www.riksrevisjonen.no/Rapporter/Sider/havbruk.aspx>)

Dette gav fart i diskusjonen om at 1) Veksten hadde vore ukontrollert, og 2) Næringa var for ”fragmentert”. Ordet fragmentert vert aktivt brukt for å skildre statusen i norsk lakseproduksjon i 2012;

”Han (analytiker Thor-Arne Tallseth) er overbevist om at den internasjonale laksebransjen er overmoden for konsolidering, og viser til at produksjonen er særdeles fragmentert. I Norge kontrollerer de seks største selskapene bare rundt halvparten av produksjonen. Til sammenligning er rundt 80 prosent av amerikansk kjøttproduksjon kontrollert av fire selskaper (Intrafish 17.02.2012).

og

”Vi mener en grunnleggende årsak til dagens utfordringer er en fragmentert næring med koordineringsproblemer (...)” (Alf Helge Aarskog, CEO, Marine Harvest, Intrafish 28.03.2012)

Ordet fragmentert er her nytta med tydinga ”ukoordinert”, og same Aarskog poengterar seinare i same saka; ”Fiskeribladet Fiskaren synes å mene at det å påpeke utfordringer ved en fragmentert næring, er det samme som å kritisere små oppdrettere. Det blir helt feil, og er ikke en mening v kan stå inne for”. Ordet fragmentert blir nytta for å forklare både miljøproblem og volatilitet, prissvingingar, i eksportprisen på laks. I Finansavisen 03.04.2012 står det; ”Utover de etablerte tungvekterne på Oslo Børs er imidlertid norsk oppdrett fortsatt en fragmentert næring, med i overkant av 100 små- og mellomstore laksebønder langs kysten” og ”- Aktører med større markedsmakt kunne bidratt til å regulere markedet og gi lavere volatilitet i lakseprisen”. Samstundes tek artikkelen og inn syn på at dette ikkje nødvendingvis stemmer; ”Hvis man skal produsere mest mulig laks med høyest mulig lønnsomhet over tid,

så ønsker man en næring uten de helt store syklene, (...) Men det er ikke gitt hvilken næringsstruktur som vil ta oss dit, sier (professor Frank) Asche". Også analytiker Dag Sletmo "understreker at det ikke er noen automatikk i at en mer konsolidert bransje vil gi høyere lønnsomhet".

Det interessante med dette er at medan næringa av sine kritikarar gjerne vert skildra som "på få hender", korrumpert og industriell, i kontrast til tradisjonell primærnæring, er det her tydelege teikn på at aktørar inne i næringa meinar det stikk motsette; at det er for lite samordning og for sprikande strategiar. Ordet "laksebønder" kan her oppfattast som berre eit alternativ til uttrykk som lakseprodusentar, men det kan også oppfattast som ein kontrast til store, heilintegrerte einingar, og bonden som eit motstykke til den profesjonelle forretningsmannen. Næringa er ein stad der "gamle strategiar får stadig kortare levetid"; ein ting er om veksten er miljøtilpassa, men han er i alle fall ikkje tilpassa gamaldags tenking, som å tene pengar utan å investere dei i vertikal vekst.

Identifikasjon av rammer kring næringa sin struktur:

- Oppdrettsnæringa er ei næring laga av pionerar, utan hjelp frå styresmaktene
- Oppdrettsnæringa er ei næring som går frå primærnæring til industri
- Gamle idear og strukturar står for fall i næringa si rivande utvikling
- Ei næring der industrialiseringa skjer på eit overraskande regionalt nivå
- Ei næring med overgripande kontroll og koordinasjon vil vere avgjerande for vidare vekst

I hovudsak kan vi snakke om to hovudrammer; "gründerperspektivet" og "industriperspektivet". Vi har og innslag av ei spelramme i spørsmålet om kor lenge kan næringa halde fram med så mange eigalarar, og vere så "fragmentert". Her kan ein til tider sjå eit bakanforliggende industrielt grunnsyn opptre på vegne av tema som miljø, prisstabilitet og evne til samhandling. Ein bør her kjenne næringa si historiske utvikling, og forstå dei ulike aktørane sine strukturelle posisjonar og potensiale for å kunne oppfatte dei ulike nyansane som ligg i det som vert kommunisert. Og sjølv då kan det vere vanskeleg å skilje saksretta innspel frå strategisk spel.

2.5 Riksrevisjonen si undersøking av havbruksforvaltninga

I mars 2012 la Riksrevisjonen fram si undersøking av havbruksforvaltninga. Rapporten skulle måle situasjonen i næringa ut frå dei mål som Stortinget har sett for forvaltninga. Eg vil her ikkje gå tett inn i rapporten, men peike på nokre formuleringar og poeng, og syne korleis dei blei mottekte i media.

”Havbruksnæringen har siden oppstarten på 1970-tallet hatt en betydelig vekst. Den totale produksjonen av oppdrettsfisk og skalldyr har blitt fordoblet bare i løpet av de siste ti årene fra ca. 500 000 tonn i 2000 til over 1 million tonn i 2010” heiter det i innleiinga til rapporten. Der står og at ”havbruk utgjør derfor en viktig næring for Norge. Den skaper arbeidsplasser i distriktene, bidrar til å opprettholde bosettingen langs kysten og gir store inntekter gjennom eksport”.

Men i Riksrevisjonen sine påpeikingar står og; ”Riksrevisjonen vil samtidig påpeke at den sterke veksten i næringen innebærer betydelige miljømessige utfordringer” og ”Riksrevisjonen er av den oppfatning at de miljømessige utfordringene i havbruksnæringen er blitt så vidt omfattende at næringen ikke kan sies å ha hatt en tilstrekkelig miljøtilpasset vekst, slik Stortinget har forutsatt”.

Ordet vekst innebære i næringsmessig tyding *suksess* og *positiv utvikling*. Men Riksrevisjonen seier at veksten ikkje har vore miljøtilpassa. Dette gir føde til tolkinga om ukontrollert vekst, som vi tidlegare har sett på.

Her er nokre av overskriftene som sto å lese etter at revisjonen la fram sin rapport:

”Norsk oppdrett får refs, statsråden er stolt”- dn.no 07.03.2012

”Havbruket får riksrefs”- Dagens Næringsliv 07.03.2012

”Oddekalv-jubel for oppdrettsrefs”- bt.no 06.03.2012

”Havbruk har ikke hatt miljøtilpasset vekst”- Intrafish 06.03.2012

Vi kjenner her att framstillinga av statsråd Berg-Hansen som ”naiv optimist” frå dekninga av hennar habilitet. Samstundes legge vi merke til at undersøkinga av havbruksforvaltninga har enda med ”refs” mot næringa, eller som Erik Sterud frå Norske Lakseelver seier i ein

kommentar på Intrafish 09.03.2012; ”Riksrevisjonen la fram karakterboka til oppdrettsnæringen. Her var det både melding hjem og klage på hjemmet”. Forvaltninga og næringa sine prestasjonar blir her sett som ei og same sak, noko som står til tolkingsramma som norsk lakseoppdrett som ei tett samanfiltra, eigenrådig næring som har vakse for fort.

Overskrifta ”jubel for refs” kan verke litt overraskande, men her dreiar det seg om at oppdrettskritikar Kurt Oddekalv er glad for at han hadde rett i sine skuldingar. Her er altså ei spelramme; kritikar versus næring.

2.6 Lus, røming og lukka anlegg

Vi har sett at lus og rømming dominerer dei negative oppslaga om oppdrettsnæringa, ved sidan av dei som er vinkla mot habilitet. Vi har og sett at såkalla lukka anlegg vart framheva som ei løysing på desse problema. Kva seier media om lus og røming? Får vi ei forståing av desse problema? Og kva trur media om lukka anlegg som løysing?

I boka til Svein Aam, ”Lakseeventyret”, heiter det, frå to laksefiskarar; ”Det som må vekk i dag er oppdrettet. Det er ikkje snakk om noko anna. Viss vi ikkje får det vekk må vi sjå i augene at det er slutt på alt som heiter villaks, både sjøfiske og elvefiske” (Aam 2009; 154). Om røming heiter det, i same bok, med sitat frå Janne Sollie, direktør i Direktorat for Naturforvaltning; ”Alt no har vi hatt eit par tiår med rømt oppdrettslaks i elvane, og vi er godt på veg til å øydelegge villaksbestandane” (Aam 2009; 155). Aam syner i si bok at oppdrett, hovudsakleg som fylgje av lakselus og rømmingsproblematikk, har overteke rolla som villaksen sin verste fiende, først og fremst frå drivgarnsfisket. Både i Terje Eggum si bok ”Laks i sikte” og Aam si ”Lakseeventyret” kan vi lese skildringar om den kampen som tradisjonelt har vore mellom sjø og elv om retten til laksen og skulda for at han har minka. Oppdrettarane har vorte ein ny felles fiende.

Dekninga av lus og rømming spenner over mange år, og eg vil ikkje ta på meg å gjere ei full kvalitativ undersøking ved dette høvet. Det eg ynskjer er å syne dei rammene problematikken vert skildra med i dag.

I artikkelen ”Pøser ut kjemikaliar mot resistent lakselus” (BT 16.03.2010) tek journalist Ogne Øyehaug føre seg mange av dei omsyna som er aktuelle kring dette emnet; kjemikalieutslepp til sjø, faktorane som påverkar lusa sin vekst og behandlinga sin effekt, historiske tal kring bruk av lusemiddel og problematikken med resistens hos lusa mot behandling. Lusa sine konsekvensar i seg sjølv er ikkje nemnde, så her må ein gå ut frå at dette emnet er så godt

kjent at det ikkje er trøng for å nemne det. Vi har altså ei episodisk ramme; auke i bruken av kjemikaliar kring lus. Mot slutten står der at Kurt Oddekalv, leiar i Norges Miljøvernforbund, ynskjer oppdrettsnæringa over i lukka anlegg i løpet av tre år, og sitat ”- Oppdrettarane er vår siste tungindustri som ikkje har noko som helst avgrensingar på å sleppe alt ut i havet”.

I Kjersti Sandvik sin artikkkel i Fiskeribladet Fiskaren 27.02.2011 har kampen mot lus fått ein annan vinkling, her er overskrifta ”Lusa koster 1,5 milliarder kroner”. Her går det fram at sjølve avlusninga kostar om lag 1 milliard kroner, samt at det vert brukt om lag 500 millionar på forsking mot lus. Artikkelen går og systematisk gjennom status for arbeidet mot lus, vurdert at havbruksnæringa sitt forskingsfond, og dokumentasjonen som faginstansen Havforskningsinstituttet legge til grunn for å rekne lusa som ei stor miljøutfordring. Her heiter det og; ”Forskerne finner en klar påvirkning av lus på individnivå, men det er ikke helt avklart hva det vil si på bestandsnivå” men ”Hvis føre-var-prinsippet skal følges, burde risikoen for at lakselus kan være bestandsregulerende føre til at oppdrettsnæringen er ekstra forsiktig, sier Karin Krohn Boxaspen, luseforsker på Havforskningsinstituttet”. Rammene vi her ser er; lusekamp er dyrt, men der må enno forskast meir, og det er ingen grunn til å slappe av på grunn av manglande dokumentasjon. Denne artikkelen rommar svært mange ulike aspekt ved lusa som problem.

30 .mai 2011 har BT artikkelen ”Laks i betong mot lus”, også den ved Ogne Øyehaug. Her blir det skildra to typar teknologi for lukka anlegg, og det vert poengtert at stemninga har snudd kring å prøve ut dette; ”Lenge var det berre deler av miljørørsla og sportsfiskarinteresser som argumenterte for lukka anlegg. Lukka anlegg har vore rekna som dyrare å byggje, og ikkje minst å drive, mellom anna fordi vatn må pumpast inn og ut av anlegga. Men problem med lakselus, sjukdom og rømming – i tillegg til strengare reguleringar frå styresmaktene – har snudd stemninga. Avisa har og ei eiga ”faktarute” til denne saka, som oppsummerar rammene for teksten;

”- Deler av miljørørsla har lenge etterlyst lukka anlegg.

- Ekstra kostnader har gjort oppdrettarane uviljuge.
- Miljøproblem og skjerpa reglar har fått oppdrettarane til å snu.
- Dei to største oppdrettselskapa satsar på å flytte delar av produksjonen inn i lukka anlegg.”

Ein kan vel diskutere kor viktig poenget er, men det er truleg litt misvisande å kalle dette fakta, då avisa hevdar ein del ting som ikkje er nærare underbygd. Meir rett ville nok vinklinga som ein del andre aviser nyttar, type ”dette er saken”, vore. Det speglar meir på at ein her har summert opp hovudrammene for det journalisten oppfattar som saka. For oss som skal studere tolkingsrammer, er ein slik disposisjon svært nyttig.

Også TV2 har stor tru på lukka anlegg, og har laga ei rekke episodiske saker som framhevar fordelar ved slik teknologi. I innslaget ”Norsk teknologi skal gjøre Irland til oppdrettskonger” frå 30.01.11, lanserer ein og eit par andre vinklingar av denne tematikken; 1) Norske styresmakter har ikkje vore villege til å endre regelverket slik at oppdrett på land kan prøvast ut, og 2) Andre land kjem til å kome framfor Noreg teknologisk, fordi dei har vilje til å satse på dette. Dette vil eg hevde er ei generisk ramme; ein argumenterar for en type teknologi, satsing og utvikling.

Måndag 11. juli 2011 har Dagens Næringsliv som hovudoppslug; ”Ny rapport viser at lakselus og rømt oppdrettslaks ikke er noen trussel: Skadene på villaks er ”sterkt overdrevet”” Under overskriftene på framsida kan ein og lese; ”Forskningsstiftelsen Nofima mener det ikke er beivist at oppdrettsnæringen, lakselus og rømt laks representerer en trusel for villaksen”. Inne i avisa er overskrifta ”Slakter forskning i ny rapport”. Ramma for denne saka er at det har blitt gjort ein gjennomgang av forskinga som ligg til grunn for dagens forvaltning, og at dokumentasjonen er for tynn, i fylge Nofima og forskar Jan Arve Gjøvik. Kjetil Hindar i Norsk institutt for Naturforskning, NINA, får høve til å svare på skuldingane i ei mindre sak ved sidan av under tittelen ”Mildt sagt underlig”. Her seier Hindar at; ”usikkerhet knyttet til laks og rømming kan ikke frata oss forskere ansvaret vi har for å påpeke at dette kan gå helt galt” og, melder DN; ”han (Hindar) oppfatter oppdrettsnæringen som en umoden industri som ikke vil innse at den skaper problemer for villaks og sjøørret”. Og i denne saka skulle skuldingane om kjøpte og betalte konklusjonar bli dominerande i den vidare oppfylginga, og Gjøvik sine merittar som forskar blei grundig stilt i tvil.

Oppsummering:

Desse omtalte sakene utgjere berre ein liten flik av all dekninga lakselus og rømming har fått i åras løp. Likevel er dei eigna til å illustrere nokre av hovudtrekka i dekninga:

- Lus og rømming gjere oppdrettsnæringa til ein trussel mot villaksen
- Oppdrettsnæringa er gjennom desse problema ein trussel mot fisket etter villaks

- Kampen mot lakselus er dyr, men nødvendig
- Kjemikaliebruken mot lakselus er ein miljøtrussel
- Lukka anlegg kan løyse problema med lus, rømming og sjukdom
- Frå å vere motviljuge mot forslag om lukka anlegg, har oppdrettarane blitt tvungne til å vurdere dette
- Oppdrettsnæringa er ein umoden industri
- Der er usikkerheit om lus og rømming si påverknad på bestandsnivå hos villaks
- Å stille spørsmål ved denne dokumentasjonen er ansvarsfråskriving

3 Konklusjonar

3.1 Har oppdrettsnæringa eit omdømeproblem?

Tidlegare i oppgåva har eg introdusert omdømespørsmålet, som har prega mykje av ordskiftet i og ikring havbruksnæringa dei siste åra. Kan ein på grunnlag av mine analyser seie noko om kor latent dette problemet er?

Frå eit marknadsperspektiv, har ikkje havbruksnæringa hatt noko merkbart omdømeproblem dei siste åra. Mengdene laks som vert sold til ulike marknader, har fylgt ei bratt stigande kurve, også i den norske marknaden. Noreg er framleis den største nasjonale marknaden for norsk oppdrettslaks, med Russland og Frankrike tettast bak. Til Intrafish 11.11.2011, seier kommunikasjonsrådgjevar Haakon B. Schrøder at; ”Oppdrettsnæringen har fått utrolig mye juling, mye mer enn noen annen industri i Norge. Jeg mener derfor at det er forbrukernes adferd som forteller noe om omdømmet til næringen. Og det at salget går opp, viser det motsatte” (Intrafish. 11.11.11).

Omdømeproblemet har altså ikkje materialisert seg vesentleg gjennom kundane til oppdrettslaksen. Men som Schrøder påpeikar, har næringa fått mykje juling. Habiliteten til statsråden er ”lokomotivet” i denne därlege merksemda, og bak fyl saker om lus, rømmingar og påstandar om farlege stoff i fisken. Debatten har utan tvil hatt tyngde på det negative, men som Kjetil Frugård i TV2 sa; det blir sjeldan nyhende av slikt som berre er fint og godt. Media si interesse av å rapportere om auka sal og sunn mat, vil vere avgrensa. Då har det større interesse som nyhende at folk kan vere i dobbeltrollar, at maten vi et kan vere farleg, at

miljøet er truga eller at der er skjulte maktnettverk. At næringa så blir sett i ein skvis der dei må gjere noko med dette, er og perfekt for dramaturgien. Ein pressar fram tilsvare som igjen blir vekta og kanskje krev enno nye tilsvare. På denne måten er der ein gang i straumen av nyhende. Konsekvens er ei ofte nytta ramme for nyhende (de Vreese m. fl, 2001; 1). Når noko vert hevda å ha eit dårleg omdøme, må det få konsekvensar. Nokon må stå til ansvar for det. Slik blir det meir nyhende av.

Omdømebygging er i seg sjølv ein industri, og havbruksnæringa har sjølve gått påstandane i møte gjennom å involvere denne industrien. Det mest kjende tiltaket er nok ”Laks er viktig”-kampanjen, initiert av FHL. Her nyttar næringa generiske rammer, der arbeidsplassar og lokalsamfunn står i fokus. Kampanjen sine reklamefilmar byrja å gå på TV2 ved juletider 2011, og går framleis i skrivande stund. Næringa har og nytta mange føredragshaldarar til kunnskapsheving i eigne rekker og ”indremedisin”. Ein som har vore nytta ved fleire høve, er ”kysten sin eigen reporter”, Dag Lindebjerg. Lindebjerg er kjent som sportsjournalist, og seinare for sine fjernsynsseriar om kultur, samfunn og natur på norskekysten. Kanskje litt overraskande for næringa, var ikkje Lindebjerg så positiv til havbruket. Til Intrafish sa han at havbruket no måtte ”slutte å skynde på andre”, og kva gjaldt rømming, at ”dere må være like forsiktige med notposene som laksen går i, som med poser frå Vinmonopolet” (Intrafish 11.11.11). Med dette støtta Lindebjerg opp om den temmeleg vanlege kritikken frå media. Samstundes framheva han og at næringa måtte fortelje dei gode historiene. Her hadde nok næringa forventa at Lindebjerg sjølv synte eit større kall til å fortelje nettopp desse. Det mest interessante med Lindebjerg sine standpunkt, er at dei står seg veldig mot den mykje brukte ramma ”oppdrett i kontrast til tradisjonell kystnæring”. Denne kontrasten synast viktig i oppfattingane om oppdrettsnæringa.

”Omdømmet skapes i bedriftene”, seier seniorrådgiver i SINTEF, Fridrik Sigurdsson til Intrafish, som ein oppfylgjar til Lindebjerg sin kritikk. Samstundes seier han at ”dårlig omdømme både skyldes at næringen er for defensiv i sin håndtering av kritikken, og at noen har fått et for fritt spillerom til å kritisere forhold i næringen” (Intrafish 15.11.11). Dette er temmeleg motsetnadsfulle utsegner, og eg vil her hevde at Sigurdsson seier fleire ting på ein gong, som innbyrdes ikkje er einskaplege. For om det er rett, slik han seier, at enkeltaktørar får for fritt spillerom i media, så vil vel det seie at næringa sine eventuelle motargument ikkje blir høyrde i tilstrekkeleg grad? Analogien han framstiller er at godt omdøme startar i bedrifta sine val og dokumentasjonar, og vert spreidd gjennom offensiv omgang med media. Men om media vel andre rammer enn dei næringa ynskjer å informere om, er det ikkje mykje hjelp i.

Tidlegare har eg påpeika at manglande vilje frå forskarar til å stå fram i media, kan vere eit informasjonshinder som har påverka dekninga av oppdrett. Og utan dette ledet kan det og vere vanskeleg for næringa sjølv å vinne truverd for sine argument. Men her snudde og forskarane problemet attende mot media, og syntet til at dei uansett vart vinkla negativt dersom dei uttalte seg. Det er dermed ikkje sikkert at det er den totale tilgangen på kjelder og informasjon som er med og bestemmer vinkelen. Rammene kan tenkjast å vere sette før saka vert laga. At rammene som vert nytta ofte er såpass innbyrdes like, kan vere eit teikn på dette.

”Media har alltid representert folkeopinonen og er ute etter å være kritiske til større selskap”, seier kommunikasjonsekspert Hans Geelmuyden (Intrafish 09.03.12). At media representerar folkeopinonen og alltid har gjort det, er i seg sjølv ei både bastant og problematisk utsegn. Ulike media har til ulike tider hatt ulike rollar og fylgt ulike overtydingar, så det er vanskeleg å vite kva Hans Geelmuyden eigentleg står seg på her. Og om vi forstår tolkingsrammer som ein aktiv kommunikasjonsprosess, må vi gå ut frå at media ikkje først og fremst representerar folkeopinonen, men at dei vil vere med og forme han. Meir relevant opplever eg det Geelmuyden seier om at media vil vere kritisk e til større selskap. Eg har og tidlegare påvist at havbruksnæringa sin vekst og etter kvart signifikante økonomiske omfang, spelar ei vesentleg rolle for rammene den vert tolka gjennom. Igjen er kontrasten til tradisjonell, meir marginal primærnæring viktig, og i tillegg makta som vert assosiert med stor økonomisk påverknad. Det som er verd å merke ved denne delen av Geelmuyden si utsegn, og som er noko av det verkeleg interessante ved media si omtale av havbruket, er at ein sjeldan går ned på selskapsnivå, men ser næringa under eitt. Det innebere at storselskap som Marine Harvest ASA og småselskap med ein konsesjon vert sett på som ein samanstilt aktør. Jamført kapitelet om motsetnader mellom små og store aktørar, er dette ei tilnærming som ikkje ligg tett på næringa sitt sjølvbilete eller oppleving av kvardagen. Vi har og sett at den same generaliseringa kan vere tilfelle med landbruket, men at ein i fiskeria gjerne skil mellom dei store og mektige reiarane og dei lokale sjarkfiskarane.

Det vi ser er altså at havbruksnæringa blir omtala som ei felles eining og med eit samla omdøme, der alle, små og store, står last og brast med det som måtte skje av rømingar, sjukdomsutbrot og andre hendingar. Media sin omtale vert i så måte ikkje berre tilsynet med store verksemder sin aktivitet, men kritikk over ei heil næring. I eit slikt biletet kan det synast omfattande at omdømet skal skapst i verksemdene, då desse er både mange og mangfaldige.

Ein kan stille spørsmålet om havbruksnæringa sitt påstått därlege omdøme, først og fremst er diskusjonen i media om nettopp dette omdømet, og at dette har utvikla seg til ein holdning som nærar seg sjølv gjennom jamlege oppslag. Næringa har utan tvil kritikarar, men eg vil hevde at det er noko anna enn å ha därleg omdøme. Når Geelmuyden går så langt som å syne til folkeopinionen, har ein ikkje nokon tydelege prov på at denne har ei slik einsretta oppfatting av havbruksnæringa. Når media sjølv peikar på at dei har hatt svært mange negative oppslag om havbruksnæringa, er dette ikkje det same som å dokumentere at næringa har eit därleg omdøme i folket. Andenæs påviste og at mengda av negative oppslag vert opplevd som større i næringa enn det som er faktum kvantitativt. Periodar med mange negative oppslag, slik som i tida kring Berg-Hansen saka, kan ha overstimulert kjensla av å ha motbør i media. Så skal det og seiast at der er store skilnader mellom bransjemedia og riksmedia. I bransjemedia kjem kritikarar til orde næraast dagstøtt, og polemikken går kontinuerleg. I riksmedia er oppslaga meir sporadiske, og i lange periodar er der ganske få oppsiktsvekkande saker om norsk lakseoppdrett.

3.2 Oppsummering; kva er forteljinga om oppdrett av laks?

Gjennom denne oppgåva har vi sett at laksenæringa har gjennomgått ei rivande utvikling gjennom 40 år, og at denne utviklinga på mange måtar har utgjort og medført ein kontrast til dei tradisjonelle kyst- og primærnæringane. Kontrasten er synleg gjennom lønsemd, volum og veksten av desse storleikane, og denne kontrasten er ofte viktig i media sine tolkingsrammer for næringa si verksemd. Mot det marginale, små og svinnande, kjem oppdrett som noko stort, innbringande og voksende.

Heilt ulikt oljeindustrien og landbasert tungindustri, har oppdrettsnæringa bygd seg opp frå lokalt og privat eigarskap. Dette har gjort at nokre menneske har vorte svært rike. Det har og blitt skapt ein del store, børsnoterte selskap, som igjen er eigde til dels av profilerte investorar. Familiære og kollegeale band mellom aktørar, forvaltningsfolk og politikarar har gjort at næringa har kome i sokkjelyset. Her deler synet seg mellom at der er kort veg mellom styring og fagkunnskap, og at det kan vere korrumperande og medføre fare for at personlege omsyn får styre forvaltninga. Grensegongane her er uklåre, og meiningsane kan difor bli steile. Saka om statsråd Lisbeth Berg-Hansen sin habilitet vart ei stor mediesak, og var med på å gjere havbruksnæringa dagsordensetjande. Både hos kritikarane og i næringa har dette vorte hevdat som eit viktig og riktig steg, for å gje næringa den merksemda ho fortinar.

At næringa er ei stor og viktig næring har vorte gjennomgåande både i den frie mediedekninga og i eigenreklamen. Det som derimot ofte vert hevda, er at næringa ikkje er berekraftig miljømessig, slik drifta er i dag. Også Riksrevisjonen kommuniserar dette i sin rapport. Framfor å snakke om ei nedbygging, har media ofte fokusert på ny banebrytande teknologi som løysinga, og der har vore laga mange saker med generiske rammer for korleis teknologi med såkalla lukka anlegg kan revolusjonere lakseoppdrett. Desse oppslaga har i stor grad vore svært optimistiske på vegne av teknologien, og gjerne lagt til at Noreg vil bli ei sinke dersom vi ikkje er i front med ei slik satsing. Det har og blitt hevda at økonomiske interesser undertrykke miljømessige interesser, når satsinga ikkje skjer i den skala som ein ynskjer seg. Få har gått i djupna for å spreie kunnskap om korleis denne teknologien skal verke, og kva utfordringar som er knytt til han.

Oppslaga om lukka anlegg er tett knytte til dei tre hovudutfordringane som forvaltninga har peikt ut for oppdrettsnæringa; lakselus, røming og sjukdom. Spesielt dei to førstnemnde saksfelta får mykje mediemarksemdu over tid, og omfattar og ein diskusjon om kva påverknad desse faktorane faktisk har på den ville laksen. Mykje av diskusjonen om lakseoppdrett sin negative miljøpåverknad, handlar om nettopp dette. Det er og frå denne kanten at mange av næringa sine mest frekventerte kritikarar kjem, i form av Norske Lakseelver, Norges Jeger- og Fiskerforbund og ein del andre sportsfiskar- og elveeigarmiljø. Sjølv om desse aktørane er delvis næringsinteresser og delvis friluftsinteresser, vert diskusjonen mellom dei og oppdrettsnæringa ofte framstilt i ei spelramme der miljøinteresser står mot industriinteresser. Den meir djuptgåande vitskaplege diskusjonen om oppdrett som bestandsregulerande på villaks, får forståeleg nok mindre plass i dagspressa, og finn meir stad i tidsskrift. Diskusjonen som fenomen, vert derimot dekka ein god del, og gjerne med ei ramme av at den eine parten prøvar å jukse med fakta, eller ofte som at oppdrettsnæringa kverulerar framfor å ta ansvar.

Laksen som produkt vert ofte omtala som sunn mat og ei god råvare, eller som ei viktig salsvare under økonomijournalistikken. Eksportverdiar og prissvingingar er vanlege tema for sistnemnde. Svært få saker problematiserer motsetnaden mellom laksen som produkt, og eit påstått omdømeproblem. Nettopp dette paradokset kan vere eit argument for at omdømeproblemet først og fremst er ei problemstilling generert og gjort gyldig av media sjølve. Ein annan vinkling kan vere at laksen som produkt er lite kritisert, men at produksjonen som næringsaktivitet er under eit kritisk søkjelys. I så fall vil ein konkludere med at der er lite korrelasjon mellom negativ mediemarksemdu for næringa, og konsumentane sin etterspurnad av produktet.

Vi har sett at næringa sin vekst har vorte dekka både som ”utan hjelp” og ”utan tilsyn”. Det eine er ei ramme av ”self made”, medan det andre er ei ”cowboy” ramme. Begge vinklingar innbyr til stor interesse frå media. Ein manglande tilgang på profilerte enkeltpersonar kan ha avgrensa utvalet av oppslag i førstnemnde kategori noko dei seinare åra. Ola Braanaas er eit unntak i ei næring der få har hatt ynskje om å stå fram i media, og gjerne har sett sin lit til at organisasjonane skulle ta plassen deira i fremste rekke. Dette fråveret av opplagde eller offensive kjelder frå næringa, har truleg hatt ein del å seie for valet av rammer. Næringa sine aktørar har først og fremst stilt seg disponible dersom det er snakk om produktet og prisar.

Det er også viktig å nemne at fleire av dei børsnoterte aktørane ikkje har eigne informasjonsavdelingar, men først og fremst har ei apparat for kommunikasjon som går på produkt eller finansiell informasjon. Marine Harvest ASA er unntaket, elles vert FHL si kommunikasjonsavdeling gjerne nytta i saker der ein kjem med tilsvare.

Når oppdrett blir løfta opp til dagsorden i nasjonale media, er det gjerne fordi det har rammer med nærliek til eit større publikum. Laksen i seg sjølv er ofte tema i saker som går på sunn mat og helse, men her koplar ein stort sett aldri produktet til produksjonen eller produsentane. Berre i saker der ein drege i tvil fiskens sin kvalitet, skjer dette. Døme kan vere at ein meinar innhaldet av omega 3 i norsk laks har minka. Derimot vart heile næringa sin kredibilitet eit tema når ein statsråd sitt verv sto på spel. Her vart næringa sin struktur, men og næringa sin miljøpåverknad gjort til eit underbyggande element. Først i siste fase av saka vart realpolitikk og Berg-Hansen sine faktiske prestasjonar som statsråd gjort til ei hovudsak i dekninga.

I media si sjølvforståing og i uttalar frå kommunikasjonsfolk og andre mediekunnige, ser vi ofte eit skin av at deira ramme for dekninga dekkar ”det alle meinar”. At dette ikkje er heimla i omdømeundersøkingar, marknadsutvikling eller andre analyser, kan indikere ei form for summarisk domsavseining frå denne kanten. Akkurat som saka om Berg-Hansen sin habilitet fekk eit preg av ”kor lenge kan statsråden tolke at vi gjentek dette spørsmålet?”, har den generelle omdømediskusjonen blitt eit produkt styrka av media sin eigne insisteringar. Eg vil ikkje gå så langt at eg seier omdømeproblematikken er ein konstruksjon, for det er heilt opplagt at næringa har mange kritikarar. Det kan likevel framstå som at deler av denne kritikken har vorte sjølvforsterkande i sin funksjon, fordi den har fungert godt i ei spelramme mellom kritikarar og næring, og fordi begge sider har fyrt opp under dette spelet. At media meinar at denne diskusjonen sin temperatur indikerar eit omdømeproblem, er eit syn som ikkje tek innover seg det breiare tilfanget som publikum har for sine tolkingsrammer.

For hovudtrekka i dekninga av norsk lakseoppdrett kan delast mellom suksesshistoria om ei næring med enorm vekst, og historia om ein vekst som har skjedd på akkord med andre interesser. Og kvar den enkelte står i dette landskapet, vil vere avgjerande for kva ein legge vekt på si vurdering av næringa sitt omdøme. Omdøme er den evna ein har til å leve opp til forventningar, og forventningane vil her vere svært ulike. Ofte til og med sjølvmotstridande. Dei historiske motsetnadane mellom ulike interessentar kring laksen, tydar på at oppdrettsnæringa må forvente mange diskusjonar også i åra som kjem. Laksen, den ville som den avla, er hovudfiguren i ei sterk og stridig norsk soge. Ei soge om mat og inntekter, om friluftsliv og næring, om natur og kultur og om politiske prioriteringar. Desse sterke og til dels uforsonlege motsetnadane, er med og eggjar media si interesse.

Litteraturliste:

Bøker:

- Aam, Svein (2009) *Lakseeventyret*. Spor Forlag, Ulsteinvik
- Allern, Sigurd (1997) Når *kildene byr opp til dans. Søkelys på PR-byråene og journalistikken*. Pax Forlag, Oslo
- Berge, Aslak (2004) *Opp som en bjørn: historien om Pan Fish*. Octavian Forlag, Bergen.
- Eggum, Terje (1997) *Laks i sikte*. Skald AS, Leikanger
- Gentikow, Barbara (2005) *Hvordan utforsker man medieerfaringer?* IJ Forlaget, Kristiansand
- Kristiansen, Bernt og Strand, Odd (2002) *Statsmakt mot laksepionerer, overgrepene mot dem som startet eventyret*. Corvus, Bergen

Akademiske artiklar og oppgåver:

- Allern, Sigurd (2008), *Den medialiserte politikken*. Forelesning, pdf, Universitetet i Oslo.
- Andenæs, Ivar (2011) *For god fisk? Innholdsanalyse om lakseoppdrett på oppdrag fra EFF*. IJ, Fredrikstad
- Beyer, Audun (2010), *Hvordan studere generiske nyhetsrammer?-Forslag til metodiske forbedringer*. Universitetet i Oslo.
- D`Angelo, Paul (2002), *News framing as a multiparadigmatic research program: A response to Entman*. State University, New York.
- De Vreese, Claes H. et. al (2001), *Framing politics at the launch of the Euro: A cross-national comparative study of frames in the news*. Taylor & Francis, Oxford
- De Vreese, Claes H. (2005) *News framing: Theory and typology*. John Benjamins Publishing Company, Amsterdam.
- Kavli, Bettina (2006) *Medierammer. Avinors avgjørelse om nedleggelse av Oslo kontrollsentral/Røyken : en rammeanalyse av syv avisers dekning*. Masteroppgåve, Universitetet i Oslo.
- Nedrestøl, Tone Tufte (2010) *Kommentariatet. En studie av kommentarjournalistikken under regjeringsforhandlingene 2009*. Masteroppgåve, Universitetet i Oslo.

Avisartiklar frå internett:

Adresseavisa:

<http://www.adressa.no/nyheter/okonomi/article1437569.ece>

<http://www.adressa.no/nyheter/okonomi/article1429643.ece>

Bergens Tidende:

<http://www.bt.no/nyheter/lokalt/--Vinn-eller-forsvinn-for-SV-1936236.html>

<http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Stopper-veksten-i-oppdretten-1940404.html>

<http://www.bt.no/nyheter/utenriks/Lakseprisen-stuper-1766219.html#.T65SLsWBWSp>

<http://www.bt.no/meninger/leder/Ein-gild-statsrad-1768260.html#.T3q1wdXAG1d>

<http://www.bt.no/nyheter/Anmelder-fiskeriministeren-1938838.html#.T3q0y9XAG1c>

<http://www.bt.no/nyheter/okonomi/Laks-i-betong-mot-lus-2509685.html#.T65YtMWBWSo>

<http://www.bt.no/nyheter/okonomi/Oddekalv-jubel-for-oppdrettsrefs-2666124.html>

Dagbladet:

<http://www.dagbladet.no/2010/01/08/nyheter/miljo/fiskeridepartementet/fiskeridirektoratet/fiskeriministeren/9832111/>

<http://www.dagbladet.no/2010/01/14/nyheter/fiske/laks/innenriks/regjeringen/9885408/>

Dagens Næringsliv:

<http://www.dn.no/forsiden/politikkSamfunn/article1814932.ece>

<http://www.dn.no/forsiden/kommentarer/article1816517.ece>

<http://www.dn.no/forsiden/politikkSamfunn/article2348621.ece>

E24:

<http://e24.no/kommentarer/e24-kommentarer/berg-hansen-hylende-inhabil/3402425>

Intrafish:

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1045487.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1115311.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1116704.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1116866.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117029.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117037.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117071.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117053.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117072.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117083.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117117.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117153.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117112.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117142.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117162.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117163.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117218.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117282.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117334.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117903.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117970.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117978.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1117993.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1118086.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1118097.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1118163.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1118253.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1119387.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1119633.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1119666.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1261093.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1261088.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1261255.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1269819.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1271964.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1273562.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1273488.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/kommentar/article1274591.ece>

<http://www.intrafish.no/norsk/nyheter/article1274701.ece>

Journalisten.no

<http://www.journalisten.no/node/33806>

<http://www.journalisten.no/node/33910>

<http://www.journalisten.no/node/34216>

<http://www.journalisten.no/node/34514>

NRK:

<http://nrk.no/nyheter/distrikt/nordland/1.6942764>

<http://nrk.no/nyheter/distrikt/nordland/1.6942041>

TV2:

<http://www.tv2.no/nyheter/innenriks/politikk/forsiktig-velkommen-til-oppdrettsmillionaer-2963042.html>

<http://www.tv2.no/nyheter/innenriks/fiskeriministerens-selskap-politanmeldt-2963792.html>

<http://www.tv2.no/nyheter/innenriks/politikk/toppjurist-stoetter-berghansen-3089467.html>

<http://www.tv2.no/nyheter/innenriks/norsk-teknologi-skal-gjoere-irland-til-oppdrettskonger-3401543.html>

<http://www.tv2.no/nyheter/innenriks/flytter-oppdrettsanlegg-paa-land-3672703.html>

Andre nettsider:

http://www.imr.no/filarkiv/2008/04/3.2_Markedssituasjonen_for_oppdrettsfisk_2007.pdf/nb-no

<http://www.riksrevisjonen.no/Rapporter/Sider/havbruk.aspx>

http://www.ukeavisenledelse.no/meninger/redaktorens_mening/berg-hansens-lakseabilitet-/

<http://no.wikipedia.org/wiki/FiskeribladetFiskaren>

Papiravis

Dagens Næringsliv:

- ”En lusen historie”, 11.06.2011
- ”Skadene på villaks ”sterkt ovedrevet””, 11.07.2011
- ”Havbruket får riksrefs”, 07.03.2012

Finansavisen:

- ”Laksekongen får voksestøtte”, 03.04.2012

Tidsskrift:

- ”Med musestilleprinsippet som informasjonsstrategi”, Norsk Fiskeoppdrett nr. 1 2010